



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Prop. 89 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon
om oppretting av ein internasjonal
kravskommisjon for Ukraina og inngåing
av avtale om deltaking i styringskomiteen
for spesialtribunalet for Ukraina



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Prop. 89 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon
om oppretting av ein internasjonal
kravskommisjon for Ukraina og inngåing
av avtale om deltaking i styringskomiteen
for spesialtribunalet for Ukraina

Innhald

1	Innleiing	5	Vedlegg		
2	Bakgrunn	6	1	Convention establishing an International Claims Commission for Ukraine	18
3	Kravskommisjonen	7	1	Konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina	18
3.1	Generelt om avtalen	7	2	Consequences of the aggression of the Russian Federation against Ukraine – Statute of the Special Tribunal for the Crime of Aggression against Ukraine	48
3.2	Nærare om dei enkelte artiklane i avtalen	7	2	Konsekvensar av Den russiske føderasjonens aggresjon mot Ukraina – vedtekter for spesialtribunalet for aggresjonsbrottsverket mot Ukraina	48
3.3	Høyring	9	3	Consequences of the aggression of the Russian Federation against Ukraine - Draft Resolution CM/Res(2026)... establishing the Enlarged Partial Agreement on the Management Committee of the Special Tribunal for the Crime of Aggression against Ukraine	86
3.4	Gjennomføring av avtalen i norsk rett	9	3	Konsekvensar av Den russiske føderasjonens aggresjon mot Ukraina – Utkast til resolusjon CM/Res(2026)... om oppretting av den utvida delavtalen om styringskomiteen for spesialtribunalet for aggresjonsbrottsverket mot Ukraina	86
4	Spesialtribunalet	10			
4.1	Generelt om avtalen	10			
4.2	Dei viktigaste forhandlingsresultata	11			
4.3	Nærare om dei enkelte artiklane i vedtektene og avtalen	12			
4.4	Høyring	12			
4.5	Gjennomføring av avtalen i norsk rett	12			
5	Økonomiske og administrative konsekvensar	14			
6	Vurdering og tilråding	15			
	Forslag til vedtak om samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina	17			



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Prop. 89 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 10. april 2026,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Regjeringa legg med denne proposisjonen fram forslag om at Stortinget samtykkjer til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og til inngåing av ein

utvida delavtale som blir lagd fram for vedtak i Europarådet, og som inneber deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina.

2 Bakgrunn

Bakgrunnen for forslaga er Russlands aggresjon mot Ukraina. Russlands aggresjon er ei openberr krenking av maktforbodet i FN-pakta. Fleire handlingar i den russiske krigføringa er samstundes i strid med den internasjonale humanitærretten, mellom anna reglane om vern av sivile i væpna konflikt, og blir etterforska som krigsbrottsverk. Krigshandlingane medfører omfattande tap av liv, fordriving av menneske, store øydeleggingar av infrastruktur og naturressursar og betydelege økonomiske tap for både offentlege og private aktørar i Ukraina.

Generalforsamlinga i FN har i fleire resolusjonar slått fast at Russland må haldast ansvarleg for desse brota og har peikt på behovet for nasjonal og internasjonal straffeforfølgning av dei skuldige, rettferd for offera og for å etablere ein internasjonal kompensasjonsmekanisme for Ukraina. Europarådet har, i samarbeid med Ukraina og likesinna statar og Den europeiske unionen, arbeidd for å utvikle slike mekanismar.

Dei forslaga til samtykke som blir lagde fram i denne proposisjonen, er ei konkret oppfølging av viktige utanrikspolitiske prioriteringar, og desse er mellom anna tidlegare lagde fram i samband med stortingsmeldinga om Nansen-programmet, sjå Meld. St. 8 (2023–2024).

I meldinga blir det understreka at den politiske støtta frå Noreg til Ukraina har vore konsistent sidan starten av Russlands aggresjon mot Ukraina. Noreg har konsekvent fordømt dei russiske brota på folkeretten. Det er opp til Ukraina, som offer for aggresjon, invasjon og krig, å definere når og på kva grunnlag ei framtidig fredsløysing skal utformast, sjå meldinga s. 17–19. I Innst. 134 S (2022–2023) bad ein samla utanriks- og forsvarskomite regjeringa om å ta ei leiande rolle i det internasjonale arbeidet med å identifisere, etterforske og straffeforfølgje krigsbrottsverk i Ukraina.

I Meld. St. 20 (2024–2025) *Innsats for demokrati, rettsstat og menneskerettigheter i Europa –*

Norges arbeid i Europarådet blei arbeidet med å opprette spesialtribunalet framheva som ein viktig del av arbeidet til Europarådet for å ansvarleggjere Russland. I Innst. 335 S (2024–2025) gav utanriks- og forsvarskomiteen si fulle støtte til dette arbeidet.

At Russland blir halde økonomisk ansvarleg, er avgjerande for å sikre ei varig og rettferdig fredsløysing. Det er òg viktig for å førebyggje folkerettsbrot i framtida. Generalforsamlinga i FN tilrådde å opprette ein internasjonal kompensasjonsmekanisme. Arbeidet kom raskt i gang. I mai 2023 blei Skaderegisteret for Ukraina oppretta av Europarådet. Skaderegisteret tar imot krav knytte til tap og skadar som er forårsaka av aggresjonen mot Ukraina. Noreg har støtta skaderegisteret sidan starten. Kort tid etter at skaderegisteret blei etablert, starta forhandlingane om å opprette ein kravskommisjon.

Å motverke straffridom for internasjonale brotsverk er grunnleggjande for å førebyggje framtidige brotsverk, leggje til rette for fred og forsoning og bidra til å gi rettferd til offera for Russlands aggresjon. Den internasjonale straffedomstolen (ICC) har i dag ikkje jurisdiksjon over aggresjonsbrottsverket som er utøvd ved det russiske åtaket. Vedtektene til ICC krev at både aggressorstaten og den angripne staten har ratifisert Kampala-tillegget om aggresjonsbrottsverket for at domstolen skal kunne pådømme denne særskilde kategorien brotsverk, sjå nærare i meldinga s. 55.

Ukraina tok derfor initiativ til å samle ei kjernegruppe av likesinna land for å vurdere korleis det internasjonale samfunnet kan bidra til at dei som er ansvarlege for Russlands aggresjon, kan straffeforfølgjast. Noreg har tatt aktivt del i kjernegruppa.

Kravskommisjonen og spesialtribunalet for Ukraina blir omtalte nærare kvar for seg i det følgjande.

3 Kravskommisjonen

Eit første steg i arbeidet for å halde Russland økonomisk ansvarleg for tap og skadar som er forårsaka av aggresjonen mot Ukraina, var opprettinga av eit internasjonalt skaderegister for Ukraina, som no er operativt. Neste steg er etableringa av ein internasjonal kravskommisjon, som skal behandle krav om erstatning for tap og skade som følgje av Russlands handlingar.

Etter forhandlingar i ein internasjonal komité, der Noreg har tatt aktivt del, blei det i september 2025 oppnådd semje om ein folkerettsleg bindande konvensjon om oppretting av ein kravskommisjon. Konvensjonen blei vedtatt og opna for underteikning under ein diplomatkonferanse i Haag 16. desember 2025. Noreg underteikna konvensjonen ved dette høvet, saman med 34 andre statar og EU.

Føremålet med konvensjonen er å sikre at krav om erstatning for tap og skade som følgje av Russlands folkerettsbrot mot Ukraina kan bli behandla på ein effektiv og rettferdig måte. Opprettinga av kravskommisjonen er eit viktig bidrag til arbeidet for å ansvarleggjere Russland, og for rettferd og varig fred i Ukraina.

Konvensjonsteksten er lagt ved proposisjonen som vedlegg 1 i original engelsk versjon og i ei førebels norsk omsetjing.

3.1 Generelt om avtalen

Konvensjonen etablerer ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina, som skal behandle krav om erstatning for tap og skade som følgje av Russlands folkerettsstridige handlingar mot Ukraina. Kommisjonen får status som eit sjølvstendig folkerettssubjekt og skal operere innanfor det institusjonelle rammeverket til Europarådet.

Kommisjonen får eit klart avgrensa mandat til å vurdere krav frå ukrainske fysiske og juridiske personar, inkludert den ukrainske staten, for tap og skade som har oppstått etter Russlands fullskalainvasjon 24. februar 2022. Mandatet kan bli utvida dersom konvensjonspartane seinare blir samde om det. Kommisjonen skal leggje til grunn at Russland er ansvarleg for økonomisk tap og

skade som følgje av folkerettsbrot, og skal fastsetje erstatning i dei einskilde sakene.

Avtalen regulerer organiseringa av kommisjonen, inkludert forsamling, råd, finanskomité, sekretariat og panel av kommisærar. Det er fastsett reglar for saksbehandling, openheit, personvern og konfidensialitet. Kommisjonen og dei tilsette får dei immunitetane og privilegia som er nødvendige for å kunne utføre oppgåvene sine.

Kostnadene ved etableringa av kommisjonen skal i utgangspunktet dekkjast av Russland, men fram til dette skjer, skal medlemsstatane bidra etter ein fordelingsnøkkel som svarar til pliktige bidrag til Europarådet. Konvensjonen opnar for at statar, EU og andre regionale organisasjonar kan bli partar og gir høve til observatørstatus.

3.2 Nærare om dei enkelte artiklane i avtalen

Fortalen til konvensjonen gir bakgrunnen for konvensjonen og dei sentrale omsyna som føresegnene i konvensjonen byggjer på. Han uttrykkjer djup uro over tap av liv, fordriving av sivile, store øydeleggingar av infrastruktur og naturressursar, tap av offentleg og privat eigedom og annan økonomisk skade som Russlands aggresjon mot Ukraina har forårsaka. Fortalen viser til FN-resolusjon ES-11/1 av 2. mars 2022, der generalforsamlinga på det sterkaste fordømde Russlands aggresjon mot Ukraina, som er i strid med maktforbodet i artikkel 2 nr. 4 i FN-pakta. Vidare viser fortalen til FN-resolusjon ES-11/5 av 14. november 2022, der generalforsamlinga slo fast at Russland må haldast ansvarleg for alle brot på folkeretten, inkludert plikta til å bøte på økonomisk tap og skade. Fortalen viser òg til at generalforsamlinga anerkjende behovet for å opprette ei internasjonal ordning for erstatning for tap og skade som følgje av Russlands folkerettsstridige handlingar, i samarbeid med Ukraina. Han viser vidare til resolusjon CM/Res(2023)3 frå ministerkomiteen i Europarådet om opprettinga av den utvida delavtalen om registeret over skadar som Russlands aggresjon mot Ukraina har forårsaka, og at dette

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

registeret no er operativt. Skaderegisteret utgjer den første delen av ei framtidig internasjonal erstatningsordning for Ukraina. Kravskommisjonen, som denne konvensjonen opprettar, utgjer den andre delen av ordninga. Den tredje delen er eit framtidig erstatningsfond, som midlane til utbetaling av erstatning skal hentast frå.

Artikkel 1 definerer dei sentrale omgrepa som blir brukte i konvensjonen, mellom anna forsamling, krav, kommisjon, råd, dagleg leiar, finanskomité, stor bidragsytar, medlem, observatør og sekretariat.

Artikkel 2 fastset at det skal opprettast ein internasjonal kravskommisjon innanfor det institusjonelle rammeverket til Europarådet.

Artikkel 3 gir mandatet til kommisjonen. Kommisjonen skal vere eit administrativt organ som avgjer erstatningskrav for tap og skade som følgje av folkerettsstridige handlingar utførte av Russland i eller mot Ukraina frå og med 24. februar 2022, innanfor dei internasjonalt anerkjende grensene til Ukraina, eller område der Ukraina utøver jurisdiksjon eller har suverene rettar i medhald av folkeretten. Kommisjonen skal avgjere krav og fastsetje erstatningsbeløp i kvart enkelt tilfelle. Kommisjonen skal leggje til grunn at Russland er ansvarleg for økonomisk tap og skade som følgje av desse folkerettsbrota.

Artikkel 4 slår fast at kommisjonen skal vere ein internasjonal juridisk person og ha den kompetansen som er nødvendig for å kunne utøve funksjonane sine effektivt.

Artikkel 5 fastset at kommisjonen skal ha sete på territoriet til ein av partane i konvensjonen, og at kommisjonen skal ha eit kontor i Ukraina.

Artikkel 6 regulerer immunitet og privilegium for kommisjonen og dei ulike representantane og tilsette i kommisjonen. Immunitetane og privilegia byggjer på generalavtalen om Europarådet sine privilegium og immunitetar. Det blir skilt mellom immunitet og privilegium for kommisjonen sjølv, kommisjonskontor, dagleg leiar, sekretariatsmedlemmer og ekspertar som er engasjerte av kommisjonen. I tillegg får kommissærane immunitet og privilegium, og immunitet for tenestehandlingar blir innvilga for alle desse kategoriane og for representantar for medlemsstatane.

Artikkel 7 fastset at kommisjonen skal ha ei forsamling som består av alle medlemmene. Forsamlinga har overordna ansvar for å oppfylle mandatet, fastsetje reglar og føresegner for kommisjonen, velje medlemmer til rådet, velje dagleg leiar, fastsetje årsrekneskap og liknande.

Artikkel 8 fastset at kommisjonen skal ha ein finansiell komité, som mellom anna skal fastsetje dei årlege bidraga frå medlemmene.

Artikkel 9 seier at forsamlinga som hovudregel skal ta avgjerder med to tredels fleirtal. I saker med vesentlege økonomiske konsekvensar er det òg krav om tilslutning frå alle store bidragsytarar.

Artikkel 10 fastset at kommisjonen skal ha eit råd. Rådet skal bestå av minst ni og maksimalt femten medlemmer, med tre års funksjonstid. Rådet skal vedta reglar og føresegner for arbeidet til kommisjonen, oppnemne kommissærar og godkjenne tilrådingar frå panela.

Artikkel 11 har reglar for oppnemning og kvalifikasjonar for kommissærane.

Artikkel 12 seier at det skal opprettast panel med tre kommissærar i kvart panel. Panela skal vurdere dei einskilde krava og fastsetje erstatningsbeløp.

Artikkel 13 fastset at kommisjonen skal ha eit sekretariat.

Artikkel 14 fastset at kommisjonen skal ha ein dagleg leiar.

Artikkel 15 seier at kommissærane, dagleg leiar og dei andre sekretariatsmedlemmene skal vere sjølvstendige.

Artikkel 16–18 har reglar om panela og arbeidet deira.

Artikkel 19–22 inneheld reglar om at kommisjonen, i si saksbehandling, skal ta omsyn til andre rettsavgjerder, både folkerettslege og nasjonale, som har betydning for avgjerdene. Kommisjonen skal arbeide med openheit og vedta reglar som sikrar vern av personopplysningar og konfidensialitet.

Artikkel 23 regulerer finansieringa av kommisjonen. Russland skal i utgangspunktet bere kostnadene, men fram til Russland tar på seg denne plikta, skal budsjettet finansierast av medlemmene. Dei pliktige bidraga blir fastsette etter bidragsskalaen til Europarådet.

Artikkel 24–25 regulerer overføringa av arbeidet til registeret over skadar, og at registeret skal vidareførast som ein del av kommisjonen.

Artikkel 26 inneheld reglar om tvisteløysing og fastset at ein skal søkje å løyse tvistar mellom medlemmene om tolking og gjennomføring av konvensjonen ved forhandlingar.

Artikkel 27 fastset at alle statar, Den europeiske unionen og andre regionale integreringsorganisasjonar kan bli medlemmer i konvensjonen. Statar, regionale integreringsorganisasjonar og internasjonale organisasjonar kan òg bli observatørar.

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

Artikkel 28 fastset at Russland kan bli medlem i kommisjonen dersom staten aksepterer ansvaret sitt for tap og skade etter folkeretten.

Artikkel 29 seier at generalsekretæren i Europarådet skal vere depositar for konvensjonen.

Artikkel 30–37 regulerer ikraftsetjing, endringar og oppseiing av konvensjonen. Konvensjonen er open for undertekning av alle medlemsstatane i Europarådet, andre statar og Den europeiske unionen som deltok på den diplomatiske konferansen for vedtak av konvensjonen, og alle andre statar som har stemt for FN-resolusjon ES-11/5.

3.3 Høyring

Det er ikkje gjennomført høyring i denne saka. Konvensjonen medfører ikkje behov for endringar i norsk lov eller forskrift og har ikkje direkte verknad for norske borgarar eller norsk næringsliv.

3.4 Gjennomføring av avtalen i norsk rett

Konvensjonen medfører ikkje behov for lovendringar. Føresegnene om immunitet og privilegium kan gjennomførast i medhald av lov av 19. juni 1947 nr. 5 om immunitet og privilegium for internasjonale organisasjonar mv.

4 Spesialtribunalet

Ukraina og fleire andre land har lenge tatt til orde for opprettinga av eit eige tribunal for straffefølgjing av dei ansvarlege for aggresjonsbrottsverket. Det blei konstaterert at sjølv om ICC har domsmyndigheit over andre internasjonale brotsverk som er gjort i Ukraina, har ikkje domstolen høve til å straffefølgje aggresjonsbrottsverket fordi Russland ikkje har slutta seg til vedtektene til ICC. Dersom det internasjonale samfunnet skal bidra til å ansvarleggjere dei skuldige bak dette brotsverket, må det etablerast eit særskilt organ med nødvendig domsmyndigheit. Konklusjonen frå rådslåingane i kjernegruppa var at det ville vere mest føremålstenleg å etablere eit internasjonalt spesialtribunal for aggresjonsbrottsverket mot Ukraina, og at dette kunne skje ved avtale mellom Ukraina og Europarådet. Det er planlagt at spesialtribunalet får sete i Haag i Nederland.

4.1 Generelt om avtalen

Europarådet og Ukraina inngjekk på dette grunnlaget den 25. juni 2025 ein avtale om oppretting av eit spesialtribunal for aggresjonen mot Ukraina. Spesialtribunalet har som oppgåve å straffefølgje dei ansvarlege for planlegginga og gjennomføringa av aggresjonsbrottsverket mot Ukraina. Avtalen er i tråd med det rammeverket som kjernegruppa på om lag 40 statar, med deltaking frå EU, har forhandla fram – eit arbeid som òg i vesentleg grad samsvarer med Noregs posisjonar i forhandlingane. Ukraina har ratifisert avtalen gjennom eit lovvedtak i parlamentet. Avtalen er bindande mellom partane, Ukraina og Europarådet.

Vedtektene til spesialtribunalet er lagde ved avtalen mellom Ukraina og Europarådet og utgjer ein del av denne. Teksten til vedtektene er gitt att i vedlegg 2 til proposisjonen i original engelsk versjon og i ei førebels norsk omsetjing.

Vedtektene føreset at det blir etablert ein internasjonal styringskomité (Management Committee) med statar og internasjonale organisasjonar som medlemmer. Styringskomiteen skal ha ansvar for administrasjon og finansiering av tribunalet. Dette omfattar mellom anna å fastsetje pro-

sedyrereglar for tribunalet, reglar om innhenting av bevis, val av dommarar, hovudanklagar og visehovudanklagar, samt avgjerd om avslutning av verksemda til tribunalet og overføring til ein restmekanisme ved enda funksjonstid.

Europarådet etablerer styringskomiteen i ein resolusjon som blir vedtatt av ministerkomiteen i Europarådet. Vedtaket etablerer ein såkalla utvida delavtale i regi av Europarådet. Utkast til resolusjon om ein utvida delavtale er lagt ved proposisjonen som vedlegg 3 i engelsk versjon og i ei førebels norsk omsetjing.

Styringskomiteen skal primært ha ansvar for dei administrative oppgåvene til tribunalet og finansieringa av det. Medlemmene av styringskomiteen forpliktar seg til å delta i arbeidet og finansiere ein forholdsmessig del av utgiftene til tribunalet. Slike bidrag skal reknast ut med utgangspunkt i Europarådets fordelingsnøkkel for dekning av organisasjonen sine utgifter mellom medlemsstatane, men tilpassast storleiken på andre bidrag frå deltakarar som ikkje er medlemsstatar.

At det blir vedtatt ein delavtale, betyr at det ikkje er eit krav at alle medlemsstatane i Europarådet må slutte seg til samarbeidet. Med *utvida* delavtale meiner ein at ikkje berre medlemsstatane i Europarådet kan delta, men at òg andre statar og internasjonale organisasjonar kan slutte seg til samarbeidet. Desse vil då, gjennom å slutte seg til, forplikte seg til å ta del i styringskomiteen på same måte som dei medlemsstatane som har røysta for resolusjonen.

Reglane til Europarådet seier at minst 16 medlemsstatar må delta for å opprette ein utvida delavtale. I utkastet til resolusjon om ein utvida delavtale om forvaltninga av spesialtribunalet er det regulert korleis den utvida delavtalen blir vedtatt. Styringskomiteen, avgrensa til dei statane som har notifisert om sin intensjon om å slutte seg til den utvida delavtalen, bestemmer når delavtalen trer i kraft, på nærmare bestemte vilkår. Styringskomiteen må fastlå at antalet statar er tilstrekkeleg, at budsjettparametrane er adekvate, og dei store bidragsytarane til budsjettet må gi sitt samtykke til ikrafttredelse.

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

Noreg kan inngå avtalen ved å avgje ei erklæring om intensjon om å delta, og med atterhald om gjennomføring av nødvendige nasjonale prosedyrar. Deretter vil Noregs deltaking bli stadfesta ved at ein seinare opplyser om at dei nødvendige prosedyrane er gjennomførte.

Tilslutning til delavtalen vil innebere folkerettslege forplikningar for Noreg utover eksisterande avtaler med Europarådet og må derfor reknast som ein folkerettsleg bindande avtale.

4.2 Dei viktigaste forhandlingsresultata

Sjølv om samarbeidet om straffeforfølgning av aggresjonsbrottsverket mot Ukraina ikkje er forankra i FN, men i Europarådet, skal tribunalet vere ope for størst mogleg tilslutning frå alle statar som deler målsetjinga om å straffeforfølgje dei ansvarlege for dette brotsverket. Dette omfattar, i tillegg til deltakarane i kjernegruppa, alle statar som deltar i Europarådet eller EU, andre statar som har røysta for FN-resolusjonen om situasjonen i Ukraina (A/RES/ES-11/6, 23. februar 2023), og dei statane eller internasjonale organisasjonane som bed om å få slutte seg til som medlem eller assosiert medlem og blir godkjende av styringskomiteen.

Spesialtribunalet skal utøve funksjonane sine innanfor dei rammene som følgjer av Europarådets standardar for respekt for menneskerettane, krav til rettferdig rettargang og internasjonale strafferettslege prinsipp.

Ukraina har allereie nasjonal jurisdiksjon over aggresjonshandlingar nedfelt i si straffelov. Den internasjonale definisjonen av aggresjonsbrottsverket er avgrensa til personar i den øvste statsleiinga som utfører slike handlingar. Forhandlingane tok utgangspunkt i at folkerettsleg immunitet hindrar straffeforfølgning i ein annan stat for personar i den øvste statsleiinga så lenge personen har ein slik posisjon, med mindre heimstaten har gitt avkall på den personlege immuniteten deira. Ein meir avgrensa immunitet kan visast til av andre personar som utfører myndighetshandlingar for ein framand stat, når det straffbare forholdet gjeld slike handlingar. I ein internasjonal straffedomstol er derimot stillinga eller funksjonen til den tiltalte i staten utan betydning.

I kjernegruppa var det semje om å etablere tribunalet som eit sjølvstendig internasjonal rettssubjekt for å leggje til rette for ein mest mogleg treffsikker jurisdiksjon over aggresjonsbrottsverket. Forhandlingsresultatet gir tribunalet høve

til å etterforske saker uavhengig av den offisielle stillinga til den mistenkte. Det blei òg semje om at tribunalet ikkje skal gjennomføre tvangstiltak mot personar i den øvste statsleiinga som har personleg immunitet etter folkeretten, det vil seie statsoverhovud, statsminister og utanriksminister.

ICC har i dag jurisdiksjon i saker om folkemord, brotsverk mot menneskeslekta og krigsbrottsverk som er utførte i Ukraina sidan 2014. ICC har òg etablert jurisdiksjon over aggresjonsbrottsverket sidan 2018, men berre overfor statar som har slutta seg til desse reglane. Ukraina blei fullt medlem av ICC frå 1. januar 2025, inkludert reglane om aggresjonsbrottsverket, men Russland er ikkje statspart til vedtektene til ICC. I forhandlingane måtte det takast stilling til korleis eit spesialtribunal skulle samhandle med ICC, og korleis aggresjonsbrottsverket skulle definerast med tanke på å pådømme aggresjonen mot Ukraina. Resultatet blei at etterforskingane til ICC skal ha prioritet, slik at rolla til tribunalet er komplementær til ICC dersom det oppstår konkurrerende rettsoppmodingar eller arrestordrar.

Ukrainas straffeføresegner om aggresjon var på forhandlingstidspunktet ikkje samanfallande med reglane til ICC om aggresjonsbrottsverket. I forhandlingane oppstod det spørsmål om korleis det straffbare forholdet skulle definerast for eit internasjonalt tribunal. Løysinga blei funnen i vedtektene til ICC, som er den einaste definisjonen av aggresjonsbrottsverket sidan 1945 som er vedtatt med brei internasjonal tilslutning. I hovudsak blir ordlyden i dei tilsvarande føresegnene som er vedtekne for ICC, følgd, men utan at det har vore nødvendig å gi att alle prosessføresegnene som gjeld for ICC i slike saker. Dette heng saman med at tribunalet berre skal utøve jurisdiksjon over aggresjonen mot Ukraina, og at denne situasjonen allereie er kvalifisert som aggresjon gjennom vedtak i FN. Definisjonen her støttar dermed opp under og styrkjer den internasjonale norma om aggresjonsbrottsverket som blei vedtatt av medlemsstatane i ICC i Kampala i 2010.

I forhandlingane måtte det òg takast stilling til om tribunalet kan dømme ein tiltalt utan at vedkomande er til stades i retten (dom *in absentia*). Rettargang *in absentia* er foreinleg med internasjonale menneskerettar så lenge den tiltalte har fått forsvarleg varsel om at saka blir tillyst, og dessutan blir gitt rett til å få saka prøvd på nytt dersom ein domfelt blir pågripen eller møter seinare. Resultatet av forhandlingane blei at tribunalet kan pådømme straffesaker *in absentia* på desse vilkåra.

Når det gjeld strafferamma for aggresjonsbrottsverket, blei det semje om at denne, med

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

omsyn til alvoret av lovbrotsverket og individuelle omstende, kan vere fengsel i inntil livstid.

4.3 Nærare om dei enkelte artiklane i vedtektene og avtalen

Vedtektene artikkel 1 angir mandatet og jurisdiksjonen til tribunalet.

Artikkel 2 definerer aggresjonsbrotsverket som grunnlag for vurderinga tribunalet gjer av om handlingar oppfyller vilkåra for straffansvar.

Artikkel 3 oppgir dei rettskjeldene tribunalet skal nytte i den dømande verksemda.

Artikkel 4 oppgir føresetnader for å dømme ein person for aggresjonsbrotsverk, og stadfestar at offisiell posisjon eller eit vedtak om amnesti ikkje skal hindre straffefølgjing.

Artikkel 5 viser til at vedtektene ikkje skal tolkast slik at dei avgrensar eller hindrar utviklinga av andre folkerettslege reglar.

Artikkel 6 til 13 fastset organ, kvalifikasjonar og val av dommarar og hovudanklagar til tribunalet, oppnemning av justissekretær og styringskomiteen sine oppgåver knytte til dette.

Artikkel 14 slår fast at arbeidsspråket til tribunalet er engelsk.

Artikkel 15 gir reglar for vedtak av prosessreglane til tribunalet og for endringar av desse.

Artikkel 16 til 20 gir rettar til tiltalte i tråd med internasjonale standardar for rettferdig rettargang.

Artikkel 21 og 22 skildrar rettar for vitne og offer under rettargangen.

Artikkel 23 til 25 gir reglar for etterforskinga fram til hovudforhandling.

Artikkel 25 til 39 gir reglar for hovudforhandlina, om rettargangsstraff, rettargang in absentia, tilståingar og domfelling, straff og vern av opplysningar som har betydning for den nasjonale tryggleiken.

Artikkel 40 til 45 gir reglar om ankesaker, om erstatning ved urettmessig arrest og om lauslating frå varetekt.

Artikkel 46 til 48 gjeld samarbeid mellom tribunalet og ICC, FN og andre internasjonale organisasjonar, og om gjensidig bistand i straffesaker.

Artikkel 49 og 50 gir reglar om gjennomføring av straffedommar.

Artikkel 51 til 54 inneheld slutføresegner, mellom anna om gradvis oppstart og avslutning av verksemda til tribunalet.

Artikkel 1 i den utvida delavtalen etablerer styringskomiteen for spesialtribunalet.

Artikkel 2 fastset oppgåvene til styringskomiteen.

Artikkel 3 og 4 bestemmer kven som kan bli medlem av styringskomiteen og samansetjinga og leiinga av komiteen.

Artikkel 5 og 6 regulerer møta og sekretariatet i styringskomiteen. Kvart medlem skal ha to representantar i styringskomiteen, som skal møtast så ofte som nødvendig og minst ein gong i året.

Artikkel 7 stadfestar at organ og tilsette i spesialtribunalet skal opptr uavhengig.

Artikkel 8 fastset at medlemmene i styringskomiteen skal finansiere utgiftene til spesialtribunalet og komiteen.

Artikkel 9 gir føresegner om samarbeid og viser til eit nødvendig tal samarbeidsavtalar som skal inngåast mellom tribunalet og deltakarstatane om gjensidig bistand i straffesaker, inkludert vitnevern, fullbyrding av dommar og lauslating.

Artikkel 10 fastset at saksbehandlina i styringskomiteen skal vere konfidensiell.

Artikkel 11 bestemmer at styringskomiteen kan fråvike forvaltningsreglane til Europarådet når det er nødvendig.

Artikkel 12 gjeld endringar i vedtektene for styringskomiteen.

Artikkel 13 gir reglar om gyldigheitsperioden for den utvida delavtalen, om oppløysing av spesialtribunalet og om handtering av restoppgåver etter dette.

Artikkel 14 gir reglar om tvisteløysing.

Artikkel 15 regulerer uttrekk og eksklusjon frå styringskomiteen.

4.4 Høyring

Det er ikkje gjennomført høyring i denne saka. Den utvida delavtalen medfører ikkje behov for endringar i norsk lov eller forskrift, og har ikkje direkte verknad for norske borgarar eller næringslivet.

4.5 Gjennomføring av avtalen i norsk rett

Gjennomføring av den utvida delavtalen krev ikkje lovendringar. Vedtektene for spesialtribunalet er ikkje forpliktande for Noreg og krev heller ingen endringar i norsk rett. Tribunalet vil vere avhengig av rettsleg samarbeid med statar og internasjonale organisasjonar på same måte som ICC. Det er venta at deltakarar i styringskomiteen vil vurdere å inngå samarbeidsavtalar med tribu-

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

nalet når dette er etablert. Dersom det blir inngått ein samarbeidsavtale som krev lovendingar i norsk rett, vil denne bli lagd fram for Stortinget som eiga sak.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

For kravskommisjonen for Ukraina føreset artikkel 23 i konvensjonen årlege økonomiske bidrag frå medlemsstatane. Sekretariatet til forhandlingskomiteen estimerer at det norske pliktige bidraget vil vere om lag to millionar kroner årleg når kommisjonen er i full drift. Storleiken på det pliktige bidraget vil avhenge av kor mange statar som sluttar seg til avtalen. Dei pliktige bidraga til kommisjonen vil bli dekte over den sivile delen av Nansen-programmet, som etter gjeldande vedtak gjeld fram til 2030.

Tilslutning til den utvida delavtalen om spesialtribunalet for Ukraina inneber plikt til å betale årlege bidrag for å dekkje ein del av dei løpande kostnadene. Dersom Noreg sluttar seg til i 2026, kan eit første bidrag bli rekna ut allereie inneverande år. Storleiken på Noregs bidrag er førebels usikker, både med omsyn til utrekna faktiske utgifter – som mellom anna omfattar nødvendig tryggleik for tribunalet – og talet på deltakarar som dei totale utgiftene til ei kvar tid blir fordelte på.

Tribunalet er planlagt etablert slik at verksemda kan skalerast opp i fleire fasar. Den føre-

buande fasen («fase 0») vil berre krevje rekruttering av eit mindre tal medarbeidarar som kan leggje til rette for oppstarten av tribunalet. Deretter er det planlagt ein «fase 1», der dei nødvendige funksjonane for etablering av tribunalet blir bemanna i ein periode på om lag tre år. I «fase 2» blir det bygd opp eit fullt skalert tribunal som kan handtere saksførebuing og hovudforhandling. I «fase 3» blir det etablert eit fullt skalert og operativt tribunal som kan utføre alle oppgåver som er fastsette i vedtektene.

I eit førebels estimat kan Noregs del av kostnadene bli om lag fire millionar kroner i «fase 0» (ca. eitt år), og om lag 9–10 millionar kroner årleg i «fase 1» (anslagsvis tre år). Budsjetten etter dette er førebels ikkje berekna. Noregs kostnader ved tilslutning til den utvida delavtalen er planlagt dekte innanfor rammene av den sivile delen av Nansen-programmet fram til 2030.

Etter utløpet av Nansen-programmet blir dei pliktige bidraga til kravskommisjonen og spesialtribunalet dekte innanfor Utanriksdepartementets gjeldande budsjetttramar.

6 Vurdering og tilråding

Noreg har sterke nasjonale interesser i ein verdsorden basert på folkeretten. For å oppretthalde grunnleggjande folkerettslege reglar, må alvorlege brot møtast med tydelege reaksjonar. Konvensjonen om kravskommisjonen og avtalen om spesialtribunalet for Ukraina er konkrete svar på dette. Å motverke straffridom for alvorlege internasjonale brot er ei utanrikspolitisk prioritering for Noreg. Det er i Noregs interesse å samarbeide med allierte og likesinna for å halde Russland ansvarleg for den folkerettsstridige aggresjonen sin.

Konvensjonen om kravskommisjonen etablerer ein internasjonal kravskommisjon for å avgjere krav om økonomisk erstatning for tap og skade som Russland har påført Ukraina. Opprettinga av ein kompensasjonsmekanisme, og ein kravskommisjon som del av denne, er sentral for å stille Russland økonomisk til ansvar for fullskala-krigen. Mekanisamar for erstatningsansvar er, på same måte som straffeforfølgning, viktige for å førebyggje framtidige brot og bidra til rettferd for ofra for Russlands aggresjon. Konvensjonen er difor eit viktig bidrag til arbeidet for ein varig og rettferdig fred.

Mandatet til kommisjonen stadfester grensene for Russlands ansvar etter reglane om statsansvar i folkeretten og avgrensar kommisjonen mot folkerettslege domstolar og tribunal. Kommisjonen skal i hovudsak vurdere faktiske spørsmål om årsakssamanheng og utmåling av erstatning.

Noreg har lagt vekt på at den framtidige kommisjonen har ein effektiv struktur, og at mandatet ligg trygt innanfor rammene av folkeretten. Utkastet til avtale ivaretar desse omsyna godt. Dei overordna politiske omsyna og forhandlingsresultatet tilseier at Noreg bør slutte seg til konvensjonen.

Noreg har òg gitt tydeleg politisk støtte til å opprette eit spesialtribunal for aggresjonsbrots-

verket mot Ukraina. Dette er ein viktig innsats for å støtte Ukraina sin forsvarskamp mot den folkerettsstridige aggresjonen, og ikkje minst eit bidrag til å halde Russland og den russiske leiinga internasjonalt ansvarlege for angrepskrigen.

Tilslutning til delavtalen om spesialtribunalet inneber norsk støtte og medverknad til at det blir oppretta ein ny internasjonal mekanisme for å straffeforfølgje aggresjonsbrotsverket mot Ukraina. Denne vil komme i tillegg til, og verke saman med, arbeidet til ICC for å etterforske og pådømme andre internasjonale brotsverk som er gjorde i Ukraina.

Delavtalen gir Noreg innverknad som medlem av styringskomiteen, mellom anna når det gjeld å få på plass prosedyrereglane og reglane til tribunalet om innhenting av bevis, val av dommarar, hovudanklagar og visehovudanklagar, og ansvar for å vedta avgjerd om overføring til ein restmekanisme når hovudoppgåvene til tribunalet er fullførte.

Utanriksdepartementet legg vekt på at spesialtribunalet blir etablert trygt innanfor folkerettslege rammer og med tilstrekkelege garantiar for rettsleg sjølvstende, upartiskheit og rettferdig rettargang. I tillegg er tribunalet innretta med tanke på kostnadseffektivitet ved at det administrativt kan byggje på ordningar og regelverk i Europarådet, ved at det blir etablert ein lett styringsstruktur, og ved at tribunalet kan skalerast slik at det best mogleg svarar til det faktiske behovet til ei kvar tid.

Sidan avtalane inneber budsjettvedtak, er det krav om at Stortinget gir samtykke til ratifikasjon og tilslutning i samsvar med Grunnlova § 26 andre ledd.

Utanriksdepartementet tilrår ratifikasjon av konvensjonen og tilslutning til den utvida delavtalen om styringskomiteen for spesialtribunalet.

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina, i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

I

Stortinget samtykkjer til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina.

II

Stortinget samtykkjer til inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina.

Vedlegg 1

Convention establishing an International Claims Commission for Ukraine

Konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina

Preamble

The Signatories to this Convention,

Recalling the obligations of all States under Article 2 of the Charter of the United Nations, including the obligation to refrain in their international relations from the threat or use of force against the territorial integrity or political independence of any State, or in any other manner inconsistent with the purposes of the United Nations, and to settle their international disputes by peaceful means;

Expressing grave concern at the loss of life, civilian displacement, catastrophic destruction of infrastructure and natural resources, loss of public and private property, and economic calamity caused by the Russian Federation's aggression against Ukraine;

Bearing in mind the importance of maintaining and strengthening international peace founded upon freedom, equality, justice, and respect for human rights, and of developing friendly relations among nations irrespective of their political, economic, and social systems or the levels of their development;

Recalling United Nations General Assembly Resolution ES-11/1 of 2 March 2022, entitled "Aggression against Ukraine", in which the General Assembly deplored in the strongest terms the aggression by the Russian Federation against Ukraine in violation of Article 2(4) of the Charter of the United Nations;

Recalling the International Law Commission's Articles on the Responsibility of States for Internationally Wrongful Acts and the obligation of the responsible State to make full reparation for the injury caused by the internationally wrongful act;

Fortale

Signatarane til denne konvensjonen,

som minner om pliktene alle statar har i medhald av artikkel 2 i FN-pakta, inkludert plikta til i sine internasjonale forhold å avstå frå truslar om eller bruk av væpna makt mot den territoriale integriteten eller det politiske sjølvstendet til nokon stat eller på nokon annan måte som ikkje er i samsvar med formålet til Dei sameinte nasjonane, og til å avgjere internasjonale tvistar med fredelege middel,

som uttrykker djup bekymring over tap av liv, fordriving av sivile, katastrofale øydeleggingar av infrastruktur og naturressursar, tap av offentleg og privat eigedom og den økonomiske katastrofen som Den russiske føderasjonens aggresjon mot Ukraina har forårsaka,

som tar omsyn til viktigeita av å bevare og styrke den internasjonale freden basert på fridom, likeverd, rettferd og respekt for menneskerettane, og av å utvikle vennskapelege relasjonar mellom nasjonane uavhengig av politisk system, økonomisk system og samfunnssystem eller utviklingsnivå,

som minner om resolusjon ES-11/1 av 2. mars 2022 frå generalforsamlinga i FN med tittelen «Aggresjon mot Ukraina», der generalforsamlinga på det sterkaste fordømde Den russiske føderasjonens aggresjon mot Ukraina i strid med artikkel 2 nr. 4 i FN-pakta,

som minner om artiklane frå Folkerettskommisjonen om det ansvaret statane har for folkerettsstridige handlingar, og den plikta den ansvarlege staten har til å gi full erstatning for tap og skade som den folkerettsstridige handlinga har forårsaka,

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

Recalling United Nations General Assembly Resolution 60/147 of 16 December 2005, in which the General Assembly adopted the Basic Principles and Guidelines on the Right to a Remedy and Reparation for Victims of Gross Violations of International Human Rights Law and Serious Violations of International Humanitarian Law;

Recalling United Nations General Assembly Resolution ES-11/5 of 14 November 2022, entitled “Furtherance of remedy and reparation for aggression against Ukraine”, in which the General Assembly recognised that the Russian Federation must be held to account for any violations of international law in or against Ukraine, including its aggression in violation of the Charter of the United Nations, as well as any violations of international humanitarian law and international human rights law;

Recalling that in Resolution ES-11/5, the General Assembly further recognised that the Russian Federation must bear the legal consequences of all of its internationally wrongful acts, including making reparation for the injury, including any damage, caused by such acts;

Recalling that the General Assembly further recognised the need for the establishment, in cooperation with Ukraine, of an international mechanism for reparation for damage, loss, or injury, and arising from the internationally wrongful acts of the Russian Federation in or against Ukraine;

Recalling that the General Assembly recommended the creation by member States, in cooperation with Ukraine, of an international register of damage to serve as a record, in documentary form, of evidence and claims information on damage, loss, or injury to all natural and legal persons concerned, as well as the State of Ukraine, caused by internationally wrongful acts of the Russian Federation in or against Ukraine, as well as to promote and coordinate evidence-gathering;

Welcoming the creation of the Register of Damage Caused by the Aggression of the Russian Federation against Ukraine through Resolution CM/Res(2023)3 of the Committee of Ministers of the Council of Europe of 12 May 2023 establishing the Enlarged Partial Agreement on the Register of Damage Caused by the Aggression of the Russian Federation against Ukraine as confirmed by Resolution CM/Res(2025)3 of the Committee of Ministers of the Council of Europe of 9 July 2025;

Noting also that the Register of Damage Caused by the Aggression of the Russian Federation against Ukraine is operational and receives,

som minner om resolusjon 60/147 av 16. desember 2005 frå generalforsamlinga i FN, der generalforsamlinga vedtok dei grunnleggande prinsippa og retningslinjene for retten til botemiddel og erstatning for offer for grove brot på internasjonale menneskerettar og alvorlege brot på internasjonal humanitærrett,

som minner om resolusjon ES-11/5 av 14. november 2022 frå generalforsamlinga i FN, med tittelen «Fremje av botemiddel og erstatning for aggresjonen mot Ukraina», der generalforsamlinga anerkjende at Den russiske føderasjonen må haldast ansvarleg for alle brot på folkeretten i eller mot Ukraina, inkludert aggresjonen som er i strid med FN-pakta, og eventuelle brot på internasjonal humanitærrett og internasjonale menneskerettar,

som minner om at generalforsamlinga i resolusjon ES-11/5 vidare anerkjende at Den russiske føderasjonen må bere dei rettslege konsekvensane av alle dei folkerettsstridige handlingane sine, inkludert å gi erstatning for tap og skade som dei nemnde handlingane har forårsaka,

som minner om at generalforsamlinga vidare anerkjende behovet for å opprette, i samarbeid med Ukraina, ei internasjonal ordning for erstatning for tap og skade som skuldast Den russiske føderasjonens folkerettsstridige handlingar i eller mot Ukraina,

som minner om tilrådinga frå generalforsamlinga om at medlemsstatane, i samarbeid med Ukraina, skulle opprette eit internasjonalt skaderegister som skulle fungere som ei oversikt, i dokumentform, over bevis og kravsinformasjon om tap og skade på alle dei fysiske og juridiske personane som er ramma, og dessutan på staten Ukraina som Den russiske føderasjonens folkerettsstridige handlingar i eller mot Ukraina har forårsaka, og dertil fremje og koordinere innsamling av dokumentasjon,

som ønskjer velkommen opprettinga av registeret over skadar som Den russiske føderasjonens aggresjon mot Ukraina har forårsaka, ved resolusjon CM/Res(2023)3 frå ministerkomiteen i Europarådet av 12. mai 2023 om oppretting av den utvida delavtalen om registeret over skadar som Den russiske føderasjonens aggresjon mot Ukraina har forårsaka, som bekrefta ved resolusjon CM/Res(2025)3 frå ministerkomiteen i Europarådet av 9. juli 2025,

som også merkar seg at registeret over skadar som Den russiske føderasjonens aggresjon mot Ukraina har forårsaka, er operativt og tar imot,

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

processes, and records claims in accordance with its Statute;

Recalling the Statute of the Register of Damage Caused by the Aggression of the Russian Federation against Ukraine, which stipulates that the work of the Register, including its digital platform with all data about claims and evidence recorded therein, is intended to constitute the first component of a future international compensation mechanism to be established by a separate international instrument in cooperation with Ukraine;

Noting that this Convention is such an international instrument and that it establishes the International Claims Commission for Ukraine, which constitutes the second component of the international compensation mechanism that may also include, as the third component, a future compensation fund mandated to pay compensation for damage, loss, or injury caused by the Russian Federation's internationally wrongful acts in or against Ukraine;

Noting that whilst this Convention addresses internationally wrongful acts committed by the Russian Federation in or against Ukraine on or after 24 February 2022, this does not absolve the Russian Federation of any responsibility for its internationally wrongful acts committed in or against Ukraine on or after 20 February 2014, nor does it preclude the possibility of a future amendment to this Convention to allow its temporal scope to be extended to 20 February 2014;

Committing to implement the provisions of this Convention in conformity with international law,

1. Etter at denne konvensjonen trer i kraft, kan partane i denne konvensjonen, via forsamlinga, invitere alle statar eller regionale integreringsorganisasjonar som ikkje deltok på den diplomatiske konferansen for å vedta denne konvensjonen, og som ikkje stemde for resolusjon ES-11/5 av 14. november 2022 frå generalforsamlinga i FN med namnet «Fremje av botemiddel og erstatning for aggresjonen mot Ukraina», til å tiltre.
2. Utan at det vedkjem nr. 1 ovanfor, og i samsvar med artikkel 28 i denne konvensjonen, kan Den russiske føderasjonen når som helst tiltre denne konvensjonen.
3. Når det gjeld alle statar eller regionale integreringsorganisasjonar som tilttrer, skal denne konvensjonen tre i kraft den første dagen i månaden etter utgangen av ein periode på tre månader frå tiltredingsinstrumentet blir deponert hos generalsekretæren for Europarådet.

¹ I samsvar med det justerte budsjettet for 2025 (dokument RD4U-COP(2024)16, s. 6, tabell 7), som blei vedteke av deltakarkonferansen til registeret den 11. oktober 2024 (dokument RD4U-COP(2024)18, s. 3), utgjer 50 % av det samla budsjettet til registeret for 2025 € 3 692 150. For signatarar som ikkje har bidratt til budsjettet til registeret for 2025, skal det beløpet som ville ha utgjort deira fastsette bidrag til budsjettet til registeret dersom dei hadde vore deltakarar i registeret, nyttast ved utrekninga av samla individuelle bidrag etter dette underpunktet (b).

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

Article 32

Territorial Application

1. Any State may, at the time of signature or when depositing its instrument of ratification, acceptance, approval, or accession, specify the territory or territories of that State to which this Convention shall apply.
2. Any State may, at any later date, by a declaration addressed to the Secretary General of the Council of Europe, extend the application of this Convention to any other territory of that State specified in the declaration and for whose international relations it is responsible or on whose behalf it is authorised to give undertakings. In respect of such territory, this Convention shall enter into force on the first day of the month following the expiration of a period of three months after the date of receipt of such declaration by the Secretary General of the Council of Europe.
3. Any declaration made under paragraphs 1 and 2 above may, in respect of any territory specified in any such declaration, be withdrawn by a notification addressed to the Secretary General of the Council of Europe. The withdrawal shall become effective on the first day of the month following the expiration of a period of three months after the date of receipt of such notification by the Secretary General of the Council of Europe.

Article 33

Amendments

1. Amendments to this Convention may be proposed by any Member.
2. Proposals for the amendment of this Convention may include a proposal to expand the temporal scope of this Convention to include Claims for compensation for damage, loss, or injury caused by the internationally wrongful acts committed by the Russian Federation in or against Ukraine on or after 20 February 2014.
3. Any proposal for amendment shall be communicated by the Secretary General of the Council of Europe to the Members. The Secretary General of the Council of Europe shall inform the Assembly thereof.
4. The Assembly shall consider and may adopt the proposed amendment.
5. The text of any amendment adopted by the Assembly shall be forwarded by the Secretary

Artikkel 32

Territorialt verkeområde

1. Alle statar kan, på underteikningstidspunktet eller ved deponering av ratifikasjons-, godtakings-, godkjennings- eller tiltredingsdokumentet, spesifisere kva for territorium i den aktuelle staten som denne konvensjonen skal gjelde for.
2. Alle statar kan, på ein seinare dato, ved ei erklæring adressert til generalsekretæren for Europarådet, utvide verkeområdet for denne konvensjonen til alle andre territorium i denne staten som er spesifiserte i erklæringa, og til dei internasjonale sambanda staten er ansvarleg for, eller som staten har fullmakt til å inngå plikter på vegner av. Når det gjeld det nemnde territoriet, skal denne konvensjonen tre i kraft første dag i månaden etter utgangen av ein periode på tre månader rekna frå datoen då den nemnde erklæringa er mottatt av generalsekretæren for Europarådet.
3. Alle erklæringar gitt i medhald av nr. 1 og 2 ovanfor kan, når det gjeld alle territorium som er spesifiserte i alle slike erklæringar, trekkast tilbake ved eit varsel adressert til generalsekretæren for Europarådet. Tilbaketrekkinga skal tre i kraft første dag i månaden etter utgangen av ein periode på tre månader rekna frå datoen då varselet er mottatt av generalsekretæren for Europarådet.

Artikkel 33

Endringar

1. Alle medlemmer kan føreslå endringar i denne konvensjonen.
2. Forslag til endringar i denne konvensjonen kan omfatte forslag om å utvide perioden som denne konvensjonen skal gjelde for, slik at han omfattar erstatningskrav for tap og skade som dei folkerettsstridige handlingane som blei utførte av Den russiske føderasjonen i eller mot Ukraina, har forårsaka, frå og med 20. februar 2014.
3. Endringsforslag skal meldast til medlemmene av generalsekretæren for Europarådet. Generalsekretæren for Europarådet skal informere forsamlinga om dette.
4. Forsamlinga skal vurdere og kan vedta endringa som er foreslått.
5. Generalsekretæren for Europarådet skal vidaresende teksten i alle endringar som blir

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

General of the Council of Europe to the Members for ratification, acceptance, or approval.

6. Any amendment adopted in accordance with this article shall enter into force on the thirtieth day following the date on which all Members have informed the Secretary General of the Council of Europe that they have ratified, accepted, or approved it.

Article 34

Reservations

No reservation may be made in respect of the provisions of this Convention.

Article 35

Denunciation

1. At any time after the date on which this Convention has entered into force in accordance with Article 30 of this Convention, any Member may denounce this Convention by means of a notification addressed to the Secretary General of the Council of Europe.
2. Such denunciation shall become effective on the first day of the month following the expiration of a period of twelve months after the date of receipt of the notification by the Secretary General of the Council of Europe. In case of a denunciation by the Russian Federation, the expiration period shall be ten years or until the termination of this Convention in accordance with Article 36 of this Convention.
3. No denunciation under this article shall have any retroactive effect on the commitments and obligations under this Convention during the time of the membership of the denouncing Member.

Article 36

Duration and Termination

1. Without prejudice to paragraph 4 below, this Convention shall remain in force for a minimum period of ten years from its entry into force.
2. It shall remain in force thereafter for successive periods of up to five years if the Assembly, by a majority of at least three-quarters of all Members, by a decision taken within a year before the end of the then-current period, decides that it should remain in force.
3. At any time after the tenth anniversary of this Convention coming into force, the Assembly may, by a majority of at least three-quarters of

vedtatt av forsamlinga, til medlemmene for ratifikasjon, godtaking eller godkjenning.

6. Alle endringar som blir vedtatt i samsvar med denne artikkelen, skal tre i kraft på den trettiande dagen frå datoen då alle medlemmer har informert generalsekretæren for Europarådet om at dei har ratifisert, godtatt eller godkjent dei.

Artikkel 34

Atterhald

Det kan ikkje takast nokon atterhald mot føresegnene i denne konvensjonen.

Artikkel 35

Oppseiing

1. Når som helst etter datoen då denne konvensjonen har begynt å gjelde i samsvar med artikkel 30 i denne konvensjonen, kan alle medlemmer seie opp denne konvensjonen ved å sende eit varsel adressert til generalsekretæren for Europarådet.
2. Den nemnde oppseiinga skal tre i kraft den første dagen i månaden etter utgangen av ein periode på tolv månader rekna frå datoen då varselet blir mottatt av generalsekretæren for Europarådet. Ved oppseiing frå Den russiske føderasjonens side skal utløpsperioden vere ti år eller til denne konvensjonen opphøyrer i samsvar med artikkel 36 i denne konvensjonen.
3. Inga oppseiing i medhald av denne artikkelen skal ha noka tilbakeverkande kraft på pliktene og krava i medhald av denne konvensjonen i medlemstida til medlemmen som seier opp.

Artikkel 36

Varigheit og oppheving

1. Utan at det skal påverke nr. 4 nedanfor, skal denne konvensjonen gjelde i minimum ti år frå han trer i kraft.
2. Deretter skal han gjelde i etterfølgande periodar på opptil fem år dersom forsamlinga, med eit fleirtal på minst tre firedelar av alle medlemmer, ved ei avgjerd som blir tatt innan eitt år før utløpet av den gjeldande perioden, fastset at han framleis skal gjelde.
3. Når som helst etter tiårsdagen for når denne konvensjonen tar til å gjelde, kan forsamlinga, ved eit fleirtal på minst tre firedelar av alle

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

- all Members, terminate this Convention and dissolve the Commission.
4. This Convention shall be terminated by the Assembly if:
 - (a) as a result of denunciations made in accordance with Article 35 of this Convention, the number of Parties to this Convention falls below the threshold specified in subparagraph 3(a) of Article 30 of this Convention; or
 - (b) there are insufficient funds to finance the anticipated expenses of the following twelve months of the operations of the Commission and the Commission is unable to secure alternative means of financing the Commission.
 5. Termination under subparagraph 4(a) above shall be effective twelve months from the date of receipt by the Secretary General of the Council of Europe of the notification of denunciation which triggers this event, unless within three months of the date when the number of Parties to this Convention falls below the threshold specified in subparagraph 3(a) of Article 30 of this Convention, the Assembly by consensus decides that this Convention should remain in force and that the Commission should continue for a specified period.
 6. Termination under subparagraph 4(b) above shall be effective as soon as possible after the date of the decision of the Assembly to terminate it.
 7. In the event of the termination of this Convention and the dissolution of the Commission, the Assembly shall ensure the subsequent preservation of all information about the Claims and evidence received by the Commission, its decisions, and other documentation, including its archives.
 8. Prior to the termination of this Convention and the dissolution of the Commission pursuant to this article, the Assembly shall adopt any necessary transitional arrangements.
- medlemmer, seie opp denne konvensjonen og oppløye kommisjonen.
4. Denne konvensjonen skal opphevast av forsamlinga dersom
 - a. talet på partar i konvensjonen, som følge av oppseiingar gjort i samsvar med artikkel 35 i denne konvensjonen, fell under grensa som er spesifisert i artikkel 30 nr. 3 bokstav a) i denne konvensjonen, eller
 - b. det ikkje er tilstrekkelege midlar til å finansiere dei venta utgiftene i dei påfølgande tolv månadane med drift av kommisjonen, og kommisjonen ikkje er i stand til å finne alternative måtar å finansiere kommisjonen på.
 5. Oppseiing i medhald av nr. 4 bokstav a) ovanfor skal tre i kraft tolv månader etter datoen då generalsekretæren for Europarådet tar imot varselet om oppseiing som utløyser denne hendinga, med mindre forsamlinga innan tre månader rekna frå datoen då talet på partar i denne konvensjonen fell under grensa som er spesifisert i artikkel 30 nr. 3 bokstav a) i denne konvensjonen, fastset at denne konvensjonen skal fortsette å gjelde, og at kommisjonen skal halde fram i ein angitt periode.
 6. Oppseiing i medhald av nr. 4 bokstav b) ovanfor skal tre i kraft så raskt som mogleg etter datoen då forsamlinga vedtar å seie han opp.
 7. Ved oppseiing av denne konvensjonen og oppløysing av kommisjonen skal forsamlinga sørge for å ta vare på all informasjon om krava og bevisa som er mottatt av kommisjonen, avgjerder og annan dokumentasjon frå kommisjonen, inkludert arkiv.
 8. Før oppseiing av denne konvensjonen og oppløysing av kommisjonen i samsvar med denne artikkelen skal forsamlinga vedta eventuelle nødvendige overgangsordningar.

Article 37

Notifications

The Secretary General of the Council of Europe shall notify the member States of the Council of Europe, other States and the European Union that participated in the Diplomatic Conference for the adoption of this Convention, any signatory, any Party, and any other State or Regional Integration Organisation that has been invited to accede to this Convention, of:

Artikkel 37

Underretningar

Generalsekretæren for Europarådet skal underrette medlemsstatane i Europarådet, andre statar og Den europeiske union som deltok på den diplomatiske konferansen for å vedta denne konvensjonen, alle signatarar, partar og statar eller regionale integreringsorganisasjonar som har blitt inviterte til å slutte seg til denne konvensjonen, om

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

- (a) any signature;
 - (b) the deposit of any instrument of ratification, acceptance, approval, or accession;
 - (c) the date of entry into force of this Convention in accordance with Article 30 of this Convention;
 - (d) any amendment adopted in accordance with Article 33 of this Convention and the date on which such amendment enters into force;
 - (e) any declaration made in accordance with Article 6(5) of this Convention;
 - (f) any denunciation made in accordance with Article 35 of this Convention;
 - (g) any other act, declaration, notification, or communication relating to this Convention.
- a. alle underteikningar,
 - b. deponering av alle ratifikasjons-, godtakings-, godkjennings- eller tiltredingsdokument,
 - c. datoen for når denne konvensjonen tar til å gjelde i samsvar med artikkel 30 i denne konvensjonen,
 - d. eventuelle endringar vedtatt i samsvar med artikkel 33 i denne konvensjonen og datoen då endringa tar til å gjelde,
 - e. eventuelle erklæringar gitt i samsvar med artikkel 6 nr. 5) i denne konvensjonen,
 - f. eventuelle oppseiingar gjort i samsvar med artikkel 35 i denne konvensjonen,
 - g. alle andre handlingar, erklæringar, varsel eller kommunikasjon i samband med denne konvensjonen.

In witness whereof the undersigned, being duly authorised thereto, have signed this Convention.

Done at The Hague, this 16th day of December 2025, in English, French and Spanish, all texts being equally authentic, in a single copy which shall be deposited in the archives of the Council of Europe. The Secretary General of the Council of Europe shall transmit certified copies to each member State of the Council of Europe, any other States and the European Union that participated in the Diplomatic Conference for the adoption of this Convention, and to any State or Regional Integration Organisation invited to accede to this Convention.

Som stadfesting av dette har dei underteikna, som er gitt den nødvendige fullmakta til det, signert denne konvensjonen.

Utferda i Haag den 16. desember 2025 på engelsk, fransk og spansk, som alle er autentiske tekstar, i eitt enkelt eksemplar, som skal depone- rast i arkiva hos Europarådet. Generalsekretæren for Europarådet skal sende bekrefta kopiar til alle medlemsstatane i Europarådet, andre statar og Den europeiske union som deltok på den diploma- tiske konferansen for å vedta denne konvensjo- nen, og til alle statar eller regionale integrerings- organisasjonar som har blitt inviterte til å slutte seg til denne konvensjonen.

Vedlegg 2

Consequences of the aggression of the Russian Federation against Ukraine – Statute of the Special Tribunal for the Crime of Aggression against Ukraine

Statute of the Special Tribunal for the Crime of Aggression against Ukraine

Having been established by the Agreement concluded on 25 June 2025 between the Council of Europe and Ukraine, the Special Tribunal for the Crime of Aggression against Ukraine (hereinafter “Special Tribunal”) shall function in accordance with the provisions of this Statute.

Chapter I

Jurisdiction and Applicable Law

Article 1

Jurisdiction of the Special Tribunal

The Special Tribunal shall have the power to investigate, prosecute and try persons who bear the greatest responsibility for the crime of aggression against Ukraine. Such jurisdiction is based on the territorial jurisdiction of Ukraine.

Article 2

Definition of the crime of aggression

- (1) For the purpose of this Statute, “crime of aggression” means the planning, preparation, initiation or execution, by a person in a position effectively to exercise control over or to direct the political or military action of a State, of an act of aggression which, by its character, gravity and scale, constitutes a manifest violation of the Charter of the United Nations.
- (2) For the purpose of paragraph 1 of this article, “act of aggression” means the use of armed

Konsekvensar av Den russiske føderasjonens aggresjon mot Ukraina – vedtekter for spesialtribunalet for aggresjonsbrottsverket mot Ukraina

Vedtekter for spesialtribunalet for aggresjonsbrottsverket mot Ukraina

Spesialtribunalet for aggresjonsbrottsverket mot Ukraina (heretter «spesialtribunalet») er blitt oppretta ved avtale som blei undertekna 25. juni 2025 mellom Europarådet og Ukraina, og skal fungere i samsvar med føresegnene i desse vedtektene.

Kapittel I

Jurisdiksjon og gjeldande lov

Artikkel 1

Jurisdiksjonen til spesialtribunalet

Spesialtribunalet skal ha mandat til å etterforske, straffeforfølge og tiltale dei personane som ber det største ansvaret for aggresjonsbrottsverket mot Ukraina. Denne jurisdiksjonen er basert på den territoriale jurisdiksjonen til Ukraina.

Artikkel 2

Definisjon av aggresjonsbrottsverket

- 1) Innanfor ramma av desse vedtektene tyder «aggresjonsbrottsverket» planlegging, førebuing, igangsetting eller gjennomføring av ei aggresjonshandling som, i lys av karakter, alvor og omfang, utgjer eit klart brot på FN-pakta, av ein person som har ein posisjon som gir høve til effektiv kontroll over eller til å leie dei politiske eller militære prosessane til ein stat.
- 2) Innanfor ramma av nr. 1 i denne artikkelen tyder «aggresjonshandling» bruken av væpna

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

force by a State against the sovereignty, territorial integrity or political independence of another State, or in any other manner inconsistent with the Charter of the United Nations.

- (3) For the purpose of determining whether an act of aggression, by its character, gravity and scale, constitutes a manifest violation of the Charter of the United Nations, the Special Tribunal shall take into account United Nations General Assembly Resolution 3314 (XXIX) of 14 December 1974 and all relevant United Nations General Assembly resolutions with respect to Ukraine, including those recited in the preamble of the Agreement between the Council of Europe and Ukraine on the Establishment of the Special Tribunal for the Crime of Aggression against Ukraine (hereinafter “Agreement”).
- (4) For the purpose of this Statute, in the context of the aggression against Ukraine, an act of aggression which is determined by its character, gravity and scale to constitute a manifest violation of the Charter of the United Nations, shall also be deemed to constitute a war of aggression.

Article 3

Applicable law

The Special Tribunal shall apply:

- in the first place, this Statute and the Rules of Procedure and Evidence adopted in accordance with Article 15 of this Statute;
- in the second place, applicable treaties, customary international law and general principles of law when necessary to ensure compliance with accepted standards of international criminal law;
- failing that, provisions of the substantive criminal law of Ukraine relating to the prosecution and punishment of the crime of aggression.

Article 4

Individual criminal responsibility and irrelevance of official capacity

- (1) A person in a position effectively to exercise control over or to direct the political or military action of a State who planned, instigated, ordered or committed, or attempted to commit, a crime referred to in Article 2 of this Statute shall be individually responsible for the crime. This shall be without prejudice to the responsibility of States under international law.

makt av ein stat mot ein annan stats suverenitet, territoriale integritet eller politiske sjølvstende eller på nokon annan måte som er i strid med FN-pakta.

- 3) For å slå fast om ei aggresjonshandling, i lys av karakter, alvor og omfang, utgjer eit klart brot på FN-pakta, skal spesialtribunalet ta omsyn til resolusjon 3314 (XXIX) av 14. desember 1974 frå generalforsamlinga i FN og alle relevante resolusjonar frå generalforsamlinga i FN når det gjeld Ukraina, inkludert dei som er gitt att i fortala i avtala mellom Europarådet og Ukraina om oppretting av eit spesialtribunal for aggresjonsbrottsverket mot Ukraina (heretter «avtala»).
- 4) Innanfor ramma av desse vedtektene, i samband med aggresjonen mot Ukraina, skal ei aggresjonshandling som i lys av karakter, alvor og omfang blir slått fast å vere eit klart brot på FN-pakta, òg reknast som åtakskrig.

Artikkel 3

Gjeldande lov

Spesialtribunalet skal

- i første rekke nytte desse vedtektene og prosessreglane som er fastsette i samsvar med artikkel 15 i desse vedtektene,
- i andre rekke nytte gjeldande traktatar, hevdvunnen folkerett og allmenne rettsprinsipp der det er nødvendig for å sikre samsvar med aksepterte standardar for internasjonal strafferecht,
- i mangel av desse nytte føresegnene i Ukrainas materielle straffelov i samband med straffefølgjing av og straff for aggresjonsbrottsverket.

Artikkel 4

Individuelt straffansvar uavhengig av offisiell stilling

- 1) Ein person som har ein posisjon som gir høve til effektiv kontroll over, eller til å leie dei politiske eller militære prosessane til ein stat, og som har planlagt, starta, beordra eller gjennomført, eller forsøkt å gjennomføre, eit brotsverk som det blir vist til i artikkel 2 i desse vedtektene, skal vere personleg ansvarleg for brotsverket. Dette skal ikkje påverke ansvaret til statane i samsvar med folkeretten.

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

- (2) For the purpose of this Statute, the official position of any accused person at the time of the alleged commission of a crime, whether as head of State or government, a member of a government or parliament, an elected representative or a government official, shall not relieve such person of criminal responsibility nor mitigate punishment.
- (3) An amnesty granted to any person falling within the jurisdiction of the Special Tribunal with respect to the crime referred to in Article 2 of this Statute shall not be a bar to prosecution.
- 2) Innanfor rammene av desse vedtektene skal ikkje den offisielle posisjonen til ein tiltalt person på det tidspunktet eit brotsverk skal ha blitt gjennomført, uansett om det er som stats-overhovud eller regjeringsleiar, regjerings- eller parlamentsmedlem, vald representant eller statstilsett, frita denne personen for straff-ansvar eller gi mildare straff.
- 3) Eit amnesti gitt til ein person som fell innanfor jurisdiksjonen til spesialtribunalet med omsyn til brotsverket som er nemnt i artikkel 2 i desse vedtektene, skal ikkje vere til hinder for straffeforfølgning.

Article 5

Non-prejudice clause

Nothing in this Statute shall be interpreted as limiting or prejudicing in any way existing or developing rules of international law for purposes other than this Statute.

Chapter II

Organisation and Administration of the Special Tribunal

Article 6

Organisation of the Special Tribunal

The Special Tribunal shall consist of:

- (a) the Chambers;
- (b) the Office of the Prosecutor; and
- (c) the Registry.

Article 7

The judges and composition of the Chambers

- (1) The Chambers shall be composed of different formations as follows:
 - (a) one judge as a Pre-Trial Judge;
 - (b) three judges in the Trial Chamber; and
 - (c) five judges in the Appeals Chamber.
- (2) The President of the Special Tribunal may assign alternate judges to each formation, as appropriate. The principles and procedures governing the application of this paragraph shall be those provided for in the Rules of Procedure and Evidence.
- (3) Each judge shall serve only in the chamber to which he or she has been assigned.
- (4) The President of the Special Tribunal shall be elected for a term of three years renewable once by an absolute majority of the judges on the roster sitting in plenary session. The Vice-

Artikkel 5

Rettstilstandsføresegn

Desse vedtektene skal ikkje tolkast slik at dei på nokon måte avgrensar eller påverkar gjeldande eller framveksande folkerettsreglar som gjeld for andre føremål enn desse vedtektene.

Kapittel II

Organiseringa og forvaltninga av spesialtribunalet

Artikkel 6

Organiseringa av spesialtribunalet

Spesialtribunalet skal vere samansett av

- a) kammera
- b) påtalemakta og
- c) sekretariatet.

Artikkel 7

Dommarane og samansetninga av kammera

- 1) Kammera skal vere samansette av ulike einingar:
 - a) éin dommar som er forundersøkjingsdommar
 - b) tre dommarar i domskammeret og
 - c) fem dommarar i ankekammeret.
- 2) Presidenten for spesialtribunalet kan oppnemne stadfortredande dommarar til kvar enkelt eining, alt etter behov. Prinsippa og framgangsmåtane som regulerer bruken av dette nummeret, er fastsette i prosessreglane.
- 3) Kvar dommar skal berre fungere i det kammeret han eller ho er oppnemnd til.
- 4) Presidenten for spesialtribunalet skal veljast for ein periode på tre år med høve til éin gongs attval, ved absolutt fleirtal av dommarane på lista når dei er samla i plenum. Visepresiden-

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

President of the Special Tribunal shall be elected by an absolute majority of the judges on the roster sitting in plenary session. In the absence or incapacity of the President of the Special Tribunal, the Vice-President shall assume the duties of the President of the Special Tribunal until the President of the Special Tribunal has resumed his or her duties or has been replaced.

- (5) The President of the Special Tribunal shall be the presiding judge of the Appeals Chamber. The Trial Chambers, respectively, shall elect a presiding judge who shall conduct the proceedings in the chamber to which he or she was elected.

Article 8

Qualification and election of judges for the Chambers

- (1) The judges of the Special Tribunal shall be persons of high moral character, impartiality and integrity who possess the qualifications required in their respective countries for appointment to the highest judicial offices. They shall be independent in the performance of their functions and shall not seek or act on instructions from any government or any other source. No two judges may be nationals of the same State. For the purpose of membership of the Special Tribunal, a person who could be regarded as a national of more than one State shall be deemed to be a national of the State in which that person ordinarily exercises civil and political rights. In electing the judges, due account shall be taken of the experience of the candidates in criminal law, in particular their criminal trial experience and international law, as well as ensuring a geographical and gender balance, and representation across legal systems.
- (2) Members and associate members of the Management Committee of the Special Tribunal for the Crime of Aggression against Ukraine (hereinafter “Management Committee”) as established by the Enlarged Partial Agreement of the Council of Europe on the Management Committee of the Special Tribunal for the Crime of Aggression against Ukraine (hereinafter “Enlarged Partial Agreement”) may propose candidates for the roster of judges. The nominated candidate does not need to be a national of a State that is a member or associate member of the Management Committee. The roster of judges shall include

ten for spesialtribunalet skal veljast ved absolutt fleirtal av dommarane på lista når dei er samla i plenum. Dersom presidenten for spesialtribunalet er fråverande eller indisponert, skal visepresidenten ta over pliktene til presidenten for spesialtribunalet til presidenten for spesialtribunalet har tatt opp igjen pliktene eller har blitt erstatta.

- 5) Presidenten for spesialtribunalet skal vere rettsformann for ankeammeret. Kvart domskammer skal velje ein rettsformann som skal gjennomføre rettsforhandlingane i kammeret han eller ho er vald til.

Artikkel 8

Kvalifikasjonar for og val av dommarar til kammera

- 1) Dommarane ved spesialtribunalet skal vere personar av høg moralsk karakter, upartiskheit og integritet, som har dei kvalifikasjonane dei respektive statane deira krev for oppnemning til dei høgaste juridiske embeta. Dei skal utføre oppgåvene sine på ein uavhengig måte og skal ikkje be om eller handle på grunnlag av instruksjonar frå regjeringar eller andre kjelder. Ingen av dommarane skal vere borgarar av same stat. Innanfor ramma for medlemskap i spesialtribunalet skal ein person som kan vere borgar av meir enn éin stat, reknast som borgar av staten der denne personen vanlegvis utøver dei sivile og politiske rettane sine. Ved val av dommarar skal det takast omsyn til erfaringa til kandidatane innanfor strafferett, særleg med straffesaker og folkerett, og det skal sørgast for geografisk balanse og balanse mellom kjønna og representasjon av ulike rettssystem.
- 2) Medlemmer og assosierte medlemmer av styringskomiteen for spesialtribunalet for aggresjonsbrottsverket mot Ukraina (heretter «styringskomiteen») som er oppretta i medhald av den utvida delavtalen frå Europarådet om styringskomiteen for spesialtribunalet for aggresjonsbrottsverket mot Ukraina (heretter «den utvida delavtalen»), kan føreslå kandidatar til dommarlista. Den nominerte kandidaten treng ikkje vere borgar av ein stat som er medlem eller assosiert medlem av styringskomiteen. Lista skal ha 15 dommarar oppnemnde for forskuva periodar for å sikre effektiv og føremåls-tenleg drift av spesialtribunalet.

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

15 judges for staggered mandates to ensure the efficient and effective functioning of the Special Tribunal.

- (3) An independent advisory panel shall recommend to the Management Committee the most suitable candidates for the roster of judges. This advisory panel, whose members shall be appointed by the Management Committee, shall consist of seven eminent members of the highest national courts, former judges of international criminal courts and tribunals and other lawyers of high moral character with substantial experience in international law, including international criminal law. In its composition, the advisory panel shall strive to achieve a geographical and gender balance.
 - (4) In accordance with the Enlarged Partial Agreement and the Rules of Procedure and Evidence, the Management Committee will elect the judges by secret ballot by an absolute majority for a nine-year period to the roster. In relation to the judges elected at the first election, however, the terms of five judges shall expire at the end of three years and the terms of five more judges shall expire at the end of six years. The judges whose terms are to expire at the end of the above-mentioned initial periods of three and six years shall be chosen by lot to be drawn by the Secretary General of the Council of Europe (hereinafter “Secretary General”) immediately after the first election has been completed. The judges shall not be eligible for re-election to the roster.
 - (5) The judges shall not receive remuneration or other benefits for being on the roster. The judges on the roster shall endeavour not to undertake any activity which could compromise the ability of the President of the Special Tribunal to assign them to exercise functions as a judge in the Special Tribunal.
 - (6) The President of the Special Tribunal shall assign judges from the roster to the formations of the Special Tribunal or for any other matter as foreseen by this Statute or the Rules of Procedure and Evidence. The trial chamber formation shall be composed predominantly of judges with criminal trial experience. When assigned to hear a pre-trial, trial or appeal phase of a case, the judge shall be assigned for a term of three years or until the completion of the phase of the proceedings to which he or she is assigned. The term can be prolonged for the duration required to complete the matter or the phase of the proceedings to which he or she is assigned. The judges shall only be
- 3) Eit uavhengig rådgivande panel skal anbefale dei best eigna kandidatane til dommarlista for styringskomiteen. Medlemmene i det rådgivande panelet skal oppnemnast av styringskomiteen og skal vere samansett av sju framstående medlemmer av dei høgaste nasjonale domstolane, tidlegare dommarar ved internasjonale straffedomstolar og tribunal og andre juristar av høg moralsk karakter og med omfattande erfaring innanfor folkerett, inkludert internasjonal strafferett. Det rådgivande panelet skal vere sett saman med sikte på geografisk og kjønnsmessig balanse.
 - 4) I samsvar med den utvida delavtalen og prosessreglane skal styringskomiteen velje dommarane til lista for eit tidsrom på ni år under hemmeleg avstemming ved absolutt fleirtal. Ved det første valet skal derimot fem dommarar veljast for ein periode på tre år og fem dommarar veljast for ein periode på seks år. Dommarane til dei første periodane på tre og seks år skal veljast av generalsekretæren for Europarådet (heretter «generalsekretæren») ved loddtrekning straks det første valet er gjennomført. Dommarane skal ikkje kunne ta attval til lista.
 - 5) Dommarane skal ikkje ta imot godtgjersle eller andre fordelar for å stå på lista. Dommarane på lista skal legge vinn på ikkje å utføre handlingar som kan vere til hinder for at presidenten for spesialtribunalet kan oppnemne dei til å utføre oppgåver som dommar i spesialtribunalet.
 - 6) Presidenten for spesialtribunalet skal oppnemne dommarar frå lista til einingane i spesialtribunalet eller til andre saker i tråd med desse vedtektene eller prosessreglane. Domsammeret skal i hovudsak vere sett saman av dommarar med erfaring frå straffesaker. Når ein dommar blir oppnemnd til forundersøking, hovudforhandling eller ankebehandling i ei sak, skal dommaren oppnemnast for ein periode på tre år eller til den fasen av rettsforhandlingane han eller ho er oppnemnd til, er avslutta. Perioden kan utvidast så lenge som det er nødvendig for å avslutte saka eller den fasen av rettsforhandlingane han eller ho er oppnemnd til. Dommarane skal berre vere til

present at the seat of the Special Tribunal as necessary at the request of the President of the Special Tribunal to exercise functions requiring their presence. In so far as possible, and as decided by the President of the Special Tribunal, the functions may be exercised remotely.

- (7) The Pre-Trial Judge who has confirmed the indictment shall not be part of the Trial or Appeals Chamber assigned to the case.
- (8) The President of the Special Tribunal may, upon the request of a judge, excuse that judge from the exercise of a function under this Statute in accordance with the Rules of Procedure and Evidence.
- (9) A judge shall not participate in any case in which his or her impartiality might reasonably be doubted on any ground. A judge shall be disqualified from a case in accordance with this paragraph if, *inter alia*, that judge has previously been involved in any capacity in that case before the Special Tribunal or in a related criminal case at the national level involving the person being investigated or prosecuted. A judge shall also be disqualified on such other grounds as may be provided for in the Rules of Procedure and Evidence. A judge shall not be disqualified solely on the basis of his or her nationality. The Prosecutor or the person being investigated or prosecuted may request the disqualification of a judge under this paragraph. Any question as to the disqualification of a judge shall be decided by an absolute majority of the judges on the roster sitting in plenary session. The challenged judge shall be entitled to present his or her comments on the matter but shall not take part in the decision.
- (10) In the event of a vacancy on the roster of judges, an election shall be held in accordance with this article to fill the vacancy. A judge elected to fill a vacancy shall serve for the remainder of the predecessor's term and, if that period is two years or less, shall be eligible for re-election for a full term.

Article 9

The Office of the Prosecutor

- (1) The Office of the Prosecutor shall be an independent organ of the Special Tribunal. The Prosecutor of the Special Tribunal (hereinafter "Prosecutor") and the permanent staff of the office shall not seek or act on instructions from any government or from any other

stades i lokala til spesialtribunalet etter behov og på oppmoding frå presidenten for spesialtribunalet for å utføre oppgåver som krev at dei er fysisk til stades. Så langt det er mogleg, og slik presidenten for spesialtribunalet fastset, kan oppgåvene utførast fjernbasert.

- 7) Forundersøkjingsdommaren som har stadfesta siktinga, skal ikkje vere ein del av doms- eller ankekammeret i saka.
- 8) Når ein dommar bed om det, kan presidenten for spesialtribunalet, i samsvar med prosessreglane, frita denne dommaren frå å utøve ein funksjon som følger av desse vedtektene.
- 9) Ein dommar skal ikkje ta del i behandlinga av saker der det på noko grunnlag er rimeleg tvil om at han eller ho er upartisk. Ein dommar er inhabil i ei sak i samsvar med dette nummeret mellom anna dersom han eller ho i ein eller annan eigenskap har vore involvert i saka for spesialtribunalet eller i ei relatert straffesak på nasjonalt plan som personen som er under etterforsking eller straffeforfølgning, var innblanda i. Ein dommar skal også vere inhabil av andre grunnar i samsvar med prosessreglane. Ein dommar skal ikkje vere inhabil berre på grunnlag av nasjonalitet. Hovudanklagar eller personen som er under etterforsking eller straffeforfølgning, kan be om at ein dommar blir erklært inhabil i samsvar med dette nummeret. Alle spørsmål med omsyn til inhabilitet for ein dommar skal avgjerast ved absolutt fleirtal blant dommarane på lista når dei er samla i plenum. Dommaren som det blir gjort motsegn mot, skal ha rett til å legge fram sine synspunkt i saka, men skal ikkje ta del i avgjerda.
- 10) Dersom eit dommarverv blir ledig, skal det haldast val i samsvar med denne artikkelen for å fylle det ledige vervet. Ein dommar som blir vald til eit ledig verv, skal fullføre resten av funksjonstida til forgjengaren, og kan, dersom denne perioden er to år eller kortare, ta attval for ein heil periode.

Artikkel 9

Påtalemakta

- 1) Påtalemakta skal vere eit uavhengig organ i spesialtribunalet. Hovudanklagar for spesialtribunalet (heretter «hovudanklagar») og det faste personalet ved hovudanklagars kontor skal ikkje be om eller handle på grunnlag av instruksjonar frå regjeringar eller andre sty-

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

authority. They shall not engage in any other occupation of a professional nature. The Prosecutor shall be responsible for conducting independent and impartial investigations and prosecutions.

- (2) The Prosecutor shall be assisted by at least one Deputy Prosecutor and by such staff as may be required to perform the functions assigned to him or her effectively and efficiently.

Article 10

Qualification and election of the Prosecutor

- (1) The Prosecutor shall be of high moral character and possess the highest level of professional competence and have extensive experience in the conduct of investigations and prosecutions of criminal cases.
- (2) All States that are members or associate members of the Management Committee may propose candidates for the position of the Prosecutor. Nominations for the position of the Prosecutor should preferably be made with the support of multiple States. The nominated candidate does not need to be a national of a State that is a member or associate member of the Management Committee.
- (3) The advisory panel shall recommend to the Management Committee the most suitable candidates.
- (4) The Prosecutor shall be elected by secret ballot by an absolute majority of the members of the Management Committee. The term of the Prosecutor shall be seven years. He or she shall not be eligible for re-election. Deputy Prosecutors are elected in the same way as the Prosecutor, from a list of candidates provided by the Prosecutor, for a term of seven years without a possibility of re-election.
- (5) The Prosecutor and Deputy Prosecutors shall not participate in any matter in which their impartiality might reasonably be doubted. The Prosecutor and Deputy Prosecutors shall not be disqualified solely on the basis of their nationality.
- (6) Any question as to the disqualification of the Prosecutor and Deputy Prosecutors shall be decided by the Appeals Chamber. The person being investigated or prosecuted may at any time request the disqualification of the Prosecutor and Deputy Prosecutors on the grounds set out in this article; and the Prosecutor and Deputy Prosecutors, as appropriate, shall be

resmakter. Dei skal ikkje ta del i noka anna verksemd av profesjonell karakter. Hovudanklagar er ansvarleg for å gjennomføre ei uavhengig og upartisk etterforsking og straffefølgjing.

- 2) Hovudanklagar skal assisterast av minst éin visehovudanklagar og av det personalet som er nødvendig for å gjennomføre oppgåvene som han eller ho blir tildelt, på ein føremåls-tenleg og effektiv måte.

Artikkel 10

Kvalifikasjonar for og val av hovudanklagar

- 1) Hovudanklagar skal vere av høg moralsk karakter og ha høgaste faglege kompetanse og omfattande erfaring med gjennomføring av etterforsking og straffefølgjing i straffesaker.
- 2) Alle statar som er medlem eller assosiert medlem av styringskomiteen, kan foreslå kandidatar til stillinga som hovudanklagar. Nominasjonar til stillinga som hovudanklagar skal helst ha støtte frå fleire statar. Den nominerte kandidaten treng ikkje vere borgar av ein stat som er medlem eller assosiert medlem av styringskomiteen.
- 3) Det rådgivande panelet skal anbefale dei best eigna kandidatane for styringskomiteen.
- 4) Hovudanklagar skal veljast ved hemmeleg val med absolutt fleirtal blant medlemmene av styringskomiteen. Hovudanklagar skal veljast for ein periode på sju år. Han eller ho skal ikkje kunne ta attval. Visehovudanklagarar blir valde på same måte som hovudanklagar, frå ei liste over kandidatar som blir lagd fram av hovudanklagar, for ein periode på sju år utan høve til attval.
- 5) Hovudanklagar og visehovudanklagarar skal ikkje ta del i saker der det kan vere rimeleg grunn til å tvile på om dei er upartiske. Hovudanklagar og visehovudanklagarar skal ikkje vere inhabile berre på grunnlag av nasjonalitet.
- 6) Alle spørsmål om inhabilitet for hovudanklagar eller visehovudanklagarar skal avgjerast av ankekammeret. Personen som er under etterforsking eller straffefølgjing, kan når som helst be om at hovudanklagar og visehovudanklagarar blir erklærte inhabile av dei grunnane som er fastsette i denne artikkelen, og hovudanklagar og visehovudanklagarar

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

entitled to present their comments on the matter.

har, alt etter kva som er relevant, rett til å legge fram synspunkta sine i saka.

Article 11

The Registry

- (1) The Registry shall be responsible for the administration and servicing of the Special Tribunal.
- (2) The Registry shall consist of the Registrar of the Special Tribunal (hereinafter “Registrar”) and such other staff as may be required.
- (3) The Registrar shall establish, within the Registry:
 - (a) a Victims and Witnesses Unit, which shall provide, as appropriate and in consultation with the Chambers and the Office of the Prosecutor or Defence Unit respectively, protective measures and security arrangements, counselling and other appropriate assistance for witnesses and others who are at risk on account of testimony given by such witnesses, and shall organise the representation of victims before the Special Tribunal;
 - (b) a Detention Unit, which shall manage the conditions of detention of suspects and accused persons; and
 - (c) an independent Defence Unit, which shall protect the rights of the defence, draw up a defence counsel list, provide support and assistance to the defence counsel and to the persons entitled to legal assistance, including, where appropriate, legal research, collection of evidence and advice, and appearing before the Special Tribunal in respect of specific issues.
- (4) Without prejudice to the authority of the Prosecutor under this Statute to receive, obtain and provide information and to establish channels of communication for this purpose, the Registrar shall serve as the channel of communication of the Special Tribunal.
- c) éin eller fleire av dommarane som tok del ved domfellinga eller stadfestinga av tiltalen, i den aktuelle saka har gjort seg skuldige i ei handling som er å rekne som alvorleg forsømming eller brot på tenesteplikta, og som er av ein så grov karakter at det er grunnlag for å løyse dei frå verva sine.

- 2) Ankeammeret skal avvise kravet dersom det meiner at det ikkje er grunnitt. Dersom det kjem til at kravet er grunnitt, kan det, avhengig av kva som passar,
- a) kalle inn det opphavelege domskammeret på nytt,
 - b) opprette eit nytt domskammer eller
 - c) behalde jurisdiksjon i saka,

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

with a view to, after hearing the parties in the manner set forth in the Rules of Procedure and Evidence, arriving at a determination on whether the judgment should be revised.

med formål om å avgjere om dommen skal gjenopptakast, etter å ha høyrte partane som fastsett i prosessreglane.

Article 44

Compensation to an arrested person

- (1) Anyone who has been the victim of unlawful arrest or detention on behalf of the Special Tribunal shall have an enforceable right to compensation.
- (2) The principles and procedures governing the application of this article shall be those provided for in the Rules of Procedure and Evidence.

Article 45

Release of detained persons

Persons detained in the Special Tribunal's detention facilities in the host State shall not be released in the host State. Instead, they shall be transported to and released in their State of nationality, in the State where they were originally detained, or if they do not have rights of residency in the latter, in a State where they are ordinarily or lawfully resident, or in another State that agrees to accept them.

Chapter IV

International Co-operation and Mutual Legal Assistance

Article 46

Co-operation with the International Criminal Court

- (1) The Special Tribunal shall co-operate with the International Criminal Court on all matters of mutual concern. The Special Tribunal may conclude agreements or practical arrangements with the International Criminal Court with a view to ensuring the effective exercise of their respective jurisdictions.
- (2) Nothing in this Statute shall negate the existing obligations of States Parties to the Rome Statute of the International Criminal Court to co-operate fully with the International Criminal Court in its investigation and prosecution of crimes within its jurisdiction. Whenever a person subject to an arrest warrant by the International Criminal Court is detained in the detention facilities of the International Criminal Court, the Special Tribunal shall give prior-

Artikkel 44

Erstatning til ein pågripen person

- 1) Alle som har vore utsette for urettmessig pågriping eller fengsling på vegner av spesialtribunalet, skal ha krav på erstatning, og kravet skal kunne tvangsfullbyrdast.
- 2) Prinsippa og framgangsmåtane som regulerer bruken av denne artikkelen, er fastsette i prosessreglane.

Artikkel 45

Lauslating av fengsla personar

Personar som er sette inn i fengselet til spesialtribunalet i vertsstaten, skal ikkje lauslatast i vertsstaten. I staden skal dei transporterast til og lauslatast i staten dei er statsborgar av, staten der dei opphavelig blei fengsla, eller, dersom dei ikkje har rett til opphald i den sistnemnde, i ein stat der dei har ordinær eller lovleg rett til opphald, eller i ein annan stat som godtar å ta imot dei.

Kapittel IV

Internasjonalt samarbeid og gjensidig rettsleg hjelp

Artikkel 46

Samarbeid med Den internasjonale straffedomstolen

- 1) Spesialtribunalet skal samarbeide med Den internasjonale straffedomstolen i alle saker av gjensidig interesse. Spesialtribunalet kan inngå avtaler eller praktiske ordningar med Den internasjonale straffedomstolen med sikte på effektiv utøving av dei respektive jurisdiksjonane.
- 2) Desse vedtektene skal ikkje oppheve dei eksisterande pliktene som statspartane til Roma vedtektene om Den internasjonale straffedomstolen har, til å samarbeide fullt ut med Den internasjonale straffedomstolen i etterforsking og straffefølgjing av brotsverk innanfor jurisdiksjonen til straffedomstolen. Når ein person som blir utsett for ein arrestordre av Den internasjonale straffedomstolen, blir fengsla i fengselseininga til Den internasjonale

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

ity to the proceedings before the International Criminal Court.

straffedomstolen, skal spesialtribunalet prioritere rettsforhandlingane for Den internasjonale straffedomstolen.

Article 47

Co-operation with the United Nations, international organisations and other relevant international bodies

- (1) The Special Tribunal may request the United Nations to provide information or documents, including in accordance with any existing agreements and arrangements between the Council of Europe and the United Nations. The Special Tribunal may ask any other international organisation or other relevant international bodies to provide information or documents.
- (2) The Special Tribunal may also request other forms of co-operation and assistance which may be agreed upon with the United Nations, Eurojust or any other relevant organisation or body and which are in accordance with its competence or mandate.
- (3) The Special Tribunal may enter into arrangements or agreements with these international organisations or bodies for the purposes defined in paragraphs 1 and 2 of this article.

Article 48

Co-operation and mutual legal assistance

- (1) The competent Ukrainian judicial authorities shall, in accordance with the provisions of the Agreement and this Statute, co-operate fully with all organs of the Special Tribunal. They shall facilitate access of the Prosecutor and the defence counsel to sites, persons and relevant documents required for the investigation. The competent Ukrainian judicial authorities shall in accordance with the Agreement and this Statute, comply without undue delay with any request for assistance by any organ of the Special Tribunal including, but not limited to:
 - (a) arrest, surrender, transfer or detention of persons;
 - (b) execution of requests for mutual legal assistance for the purpose of procuring evidence or transmitting articles to be produced in evidence, records or documents;
 - (c) service of documents.
- (2) In addition, the Special Tribunal may make requests under any bilateral or multilateral mutual legal assistance agreement entered

Artikkel 47

Samarbeid med FN, internasjonale organisasjonar og andre relevante internasjonale organ

- 1) Spesialtribunalet kan be FN om informasjon eller dokument, inkludert i samsvar med eventuelle eksisterande avtaler og ordningar mellom Europarådet og FN. Spesialtribunalet kan be alle andre internasjonale organisasjonar eller andre relevante internasjonale organ om å legge fram informasjon eller dokument.
- 2) Spesialtribunalet kan også oppmode om andre former for samarbeid og assistanse som kan avtalast med FN, Eurojust eller andre relevante organisasjonar eller organ, og som er i samsvar med kompetansen eller mandatet til spesialtribunalet.
- 3) Spesialtribunalet kan inngå avtaler eller ordningar med desse internasjonale organisasjonane eller organa for dei formåla som er definererte i nr. 1 og 2 i denne artikkelen.

Artikkel 48

Samarbeid og gjensidig rettsleg hjelp

- 1) Dei kompetente rettsstyresmaktene i Ukraina skal, i samsvar med føresegnene i avtala og desse vedtektene, samarbeide fullt ut med alle organ i spesialtribunalet. Dei skal legge til rette for at hovudanklagar og forsvarar får tilgang til stader, personar og relevante dokument som er nødvendige for etterforskinga. I samsvar med avtala og desse vedtektene skal dei kompetente rettsstyresmaktene i Ukraina straks etterkomme alle oppmodingar om hjelp frå organ i spesialtribunalet, inkludert, men ikkje avgrensa til
 - a) arrest, utlevering, overføring eller fengsling av personar,
 - b) gjennomføring av oppmodingar om gjensidig rettsleg hjelp med sikte på å hente inn bevis eller sende over artiklar som skal leggest fram som bevis, i saksmapper eller dokument,
 - c) forkyning av dokument.
- 2) Spesialtribunalet kan i tillegg gjere oppmodingar i medhald av alle bilaterale eller multilaterale avtaler om gjensidig rettsleg

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

into by Ukraine or request Ukraine to do so on its behalf, as permitted by the national legislation of the requested State, such as the European Convention on Mutual Assistance in Criminal Matters (ETS No. 30), its additional protocol (ETS No. 99), its second additional protocol (ETS No. 182) and the Ljubljana–The Hague Convention on International Cooperation in the Investigation and Prosecution of the Crime of Genocide, Crimes against Humanity, War Crimes and other International Crimes.

- (3) The Special Tribunal may request the assistance and co-operation from members and associate members of the Management Committee as is necessary for the investigation and prosecution of persons for the crime of aggression against Ukraine.
- (4) The Special Tribunal may enter into co-operation agreements or arrangements with members and associate members of the Management Committee for the crime of aggression against Ukraine. Such co-operation agreements or arrangements may, as necessary and appropriate, cover matters such as:
 - (a) arrest, surrender, transfer or detention of persons;
 - (b) the identification and whereabouts of persons or the location of items;
 - (c) the taking of evidence, including testimony under oath, and the production of evidence, including expert opinions and reports necessary to the Special Tribunal;
 - (d) the questioning of suspected or accused persons;
 - (e) the service of documents, including judicial documents;
 - (f) facilitating the voluntary appearance of persons as witnesses or experts before the Special Tribunal;
 - (g) the temporary transfer of persons in custody for testimony or other purposes;
 - (h) the examination of places or sites, including the exhumation and examination of grave sites;
 - (i) the execution of searches and seizures;
 - (j) the provision of records and documents, including official records and documents;
 - (k) the protection of witnesses and the preservation of evidence;
 - (l) the identification, tracing and freezing or seizure of proceeds, property and assets and instrumentalities of crimes for the pur-

assistanse som er inngått av Ukraina, eller be Ukraina om å gjere dette på sine vegner, i den grad dette er tillate i medhald av den nasjonale lovgivinga i den aktuelle staten, som *European Convention on Mutual Assistance in Criminal Matters* (ETS nr. 30), tilleggsprotokollen (ETS nr. 99), den andre tilleggsprotokollen (ETS nr. 182) og Ljubljana–Haag-konvensjonen om internasjonalt samarbeid i samband med etterforskning og straffeforfølgning av folkemord, brotsverk mot menneskeslekta, krigsbrottsverk og andre internasjonale brotsverk.

- 3) Spesialtribunalet kan be om hjelp og samarbeid frå medlemmer og assosierte medlemmer av styringskomiteen når det er nødvendig for å etterforske og straffeforfølge personar for aggresjonsbrottsverket mot Ukraina.
- 4) Spesialtribunalet kan inngå samarbeidsavtaler eller -ordningar med medlemmer og assosierte medlemmer av styringskomiteen for aggresjonsbrottsverket mot Ukraina. Slike samarbeidsavtaler eller -ordningar kan, når det er nødvendig og føremålstenleg, dekke område som
 - a) arrest, utlevering, overføring eller fengsling av personar,
 - b) identifisering og ettersøking av personar eller lokalisering av gjenstandar,
 - c) bevisopptak, inkludert vitneforklaring under eid og framskaffing av bevis, inkludert fråsegner frå sakkunnige og rapportar som spesialtribunalet treng,
 - d) avhøyr av mistenkte eller tiltalte personar,
 - e) forkynning av dokument, inkludert rettslege dokument,
 - f) å legge forholda til rette for at personar frivillig møter for spesialtribunalet som vitne eller sakkunnige,
 - g) midlertidig overføring av fengsla personar for vitneprov eller andre formål,
 - h) gransking av stader, inkludert opning og gransking av gravstader,
 - i) gjennomføring av ransaking og beslag,
 - j) oversending av saksmappe og dokument, inkludert offisielle saksmapper og dokument,
 - k) vern av offer og vitne og sikring av bevis,
 - l) identifisering, oppsporing og hefte eller beslag av utbytte, egedelar og formue og gjenstandar som er brukte til å utføre brotsverk, med sikte på eventuell inndraging,

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

- pose of eventual forfeiture, without prejudice to the rights of bona fide third parties;
- (m) the implementation of witness protection programmes, including, but not limited to, the provision of assistance in the relocation and safeguarding of witnesses, and ensuring their physical, psychological and emotional well-being; and
- (n) any other type of assistance which is not prohibited by the law of the requested State, with a view to facilitating the investigation and prosecution of crimes within the jurisdiction of the Special Tribunal.
- (5) The Special Tribunal may invite any third State to provide assistance under this chapter on the basis of an agreement or arrangement with such State, an ad hoc arrangement, or any other appropriate basis. Such agreements and arrangements may cover, as necessary and appropriate, the matters enumerated in paragraph 4 of this article.
- (6) The Special Tribunal may, upon request, cooperate with and provide assistance to members and associate members of the Management Committee conducting an investigation into or a trial in respect of conduct which constitutes a crime within the jurisdiction of the Special Tribunal, or which constitutes a serious crime under the national law of the requesting State.
- utan at det skal røre ved rettane til tredjepersonar i god tru, og
- m) gjennomføring av program for vern av vitne, inkludert, men ikkje avgrensa til, å yte hjelp ved omplassering og sikring av vitne og ta i vare det fysiske, psykologiske og emosjonelle velværet deira, og
- n) alle andre former for bistand som ikkje er forbodne etter lovgivinga i den oppmoda staten, med sikte på å lette etterforskinga og straffefølginga av brotsverk som fell inn under jurisdiksjonen til spesialtribunalet.
- 5) Spesialtribunalet kan invitere alle tredjestatar til å gi støtte i samsvar med denne delen på grunnlag av ei avtale eller ordning med denne staten, ei ad hoc-ordning eller alle andre eigna grunnlag. Slike avtaler og ordningar kan dekke sakene som er nemnde i nr. 4 i denne artikkelen, alt etter kva som er nødvendig og føremålstenleg.
- 6) På oppmoding kan spesialtribunalet samarbeide med og gi støtte til medlemmer og assosierte medlemmer av styringskomiteen ved etterforsking av eller rettargang som gjeld åtferd som utgjer eit brotsverk innanfor jurisdiksjonen til spesialtribunalet, eller som utgjer eit alvorleg brotsverk i samsvar med den nasjonale lovgivinga til den oppmodande staten.

Chapter V

Enforcement

Article 49

Enforcement of sentences

- (1) A sentence of imprisonment shall be served in a State that has concluded an agreement to this effect with the Special Tribunal.
- (2) If several States have concluded such agreements, the President of the Special Tribunal shall designate the responsible State in any given case, by taking into account the need to ensure fair burden-sharing and after consultation with all States concerned regarding whether they are willing and able to execute the full sentence in compliance with the ruling of the Special Tribunal.
- (3) If no State has concluded such an agreement the sentence may be served in Ukraine. Under no circumstances can any prison sentence be enforced in the host State.

Kapittel V

Fullbyrding

Artikkel 49

Fullbyrding av dommar

- 1) Ei fengselsstraff skal sonast i ein stat som har inngått avtale med spesialtribunalet om dette.
- 2) Dersom det er fleire statar som har inngått slike avtaler, skal presidenten for spesialtribunalet peike ut den ansvarlege staten i det aktuelle tilfellet, ved å ta omsyn til behovet for å sikre rettferdig fordeling av byrdene og etter samråd med alle aktuelle statar i spørsmålet om dei er villige og i stand til å fullbyrde heile dommen i samsvar med avgjerda til spesialtribunalet.
- 3) Dersom det ikkje er inngått ei slik avtale av nokon stat, kan straffa sonast i Ukraina. Ei fengselsstraff kan ikkje under nokon omstende fullbyrdast i vertsstaten.

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

Article 50

Reduction of sentence

- (1) The State of enforcement shall not release the person before expiry of the sentence pronounced by the Special Tribunal.
- (2) The Special Tribunal shall have the right to decide any reduction of sentence or modification of the modalities for serving the sentence and shall rule on the matter after having heard the person.
- (3) The procedures governing the imposition of the measures set forth in paragraph 2 of this article shall be those provided for in the Rules of Procedure and Evidence.

Chapter VI

Final Clauses

Article 51

Rules and regulations of the Council of Europe

The administrative and financial rules and regulations of the Council of Europe are applicable to the Special Tribunal. The Committee of Ministers, upon a proposal by the Management Committee, may approve derogations from applicable Council of Europe rules and regulations if doing so is required for the efficient exercise of the Special Tribunal's functions.

Article 52

Annual report and audit

- (1) The President of the Special Tribunal shall prepare an annual activity report of the Special Tribunal for approval by the Management Committee. This public report shall specify, in particular, the pending and concluded investigations, prosecutions and decisions.
- (2) The Registrar of the Special Tribunal shall assist the Secretary General in preparing the annual budget of expenditure of the Special Tribunal, for approval by the Management Committee.
- (3) The Secretary General shall draw up the annual accounts of the Special Tribunal in accordance with the Financial Regulations of the Council of Europe (hereinafter "Financial Regulations"). The records, books and accounts of the Special Tribunal, including its annual financial statements, shall be audited annually by an independent auditor, as provided for in the Financial Regulations.

Artikkel 50

Reduksjon av dom

- 1) Fullbyringsstaten skal ikkje lauslate personen før straffa som er idømd av spesialtribunalet, er uthalden.
- 2) Spesialtribunalet skal ha rett til å avgjere om straffa skal settast ned, eller om framgangs måten for soning av dommen skal endrast, og han skal ta avgjerd i saka etter å ha høyrte synspunkta til personen.
- 3) Framgangsmåtane for iverksetting av tiltak nemnde i nr. 2 i denne artikkelen er fastsette i prosessreglane.

Kapittel VI

Slutføresegner

Artikkel 51

Europarådets reglar og føresegner

Europarådets administrative og finansielle reglar og føresegner gjeld for spesialtribunalet. Etter forslag frå styringskomiteen kan Ministerkomiteen godta å fråvike Europarådets gjeldande reglar og føresegner dersom det er nødvendig for effektiv gjennomføring av oppgåvene til spesialtribunalet.

Artikkel 52

Årsrapport og revisjon

- 1) Presidenten for spesialtribunalet skal utarbeide ein årleg aktivitetsrapport for spesialtribunalet for godkjenning av styringskomiteen. Denne offentlege rapporten skal særleg spesifisere ventande og avslutta etterforskingar, straffeforfølgingar og avgjerder.
- 2) Justissekretæren for spesialtribunalet skal hjelpe generalsekretæren med utarbeidinga av det årlege kostnadsbudsjettet for spesialtribunalet for godkjenning av styringskomiteen.
- 3) Generalsekretæren skal sette opp årsrekneskapen for spesialtribunalet i samsvar med Europarådets finansielle regelverk (heretter «det finansielle regelverket»). Arkiva, rekneskapane og kontoane til spesialtribunalet, inkludert årsrekneskapen, skal reviderast årleg av ein uavhengig revisor, slik det er fastsett i det finansielle regelverket.

*Article 53***Efficiency and cost-effectiveness**

- (1) A phased-in approach shall be adopted for the establishment of the Special Tribunal. This includes the following:
 - (a) in a first phase, the Special Tribunal shall be set up without exercising jurisdiction. During this phase:
 - (i) key administrative and support personnel of the Special Tribunal, such as the Registrar and the necessary core staff, shall take up their duties, as appropriate; and
 - (ii) judges are appointed to the roster to elect the President of the Special Tribunal and to adopt the Rules of Procedure and Evidence;
 - (b) in a second phase, upon entry into force of the host State agreement, the Special Tribunal shall proceed with establishing its full judicial structure. The judges, the Prosecutor and the Deputy Prosecutors will take office on a date to be determined in accordance with this Statute and the Rules of Procedure and Evidence. Until such a date is set, judges may be convened on an ad hoc basis to address organisational matters and, as necessary, to perform their duties.
- (2) As soon as the full judicial structure of the Special Tribunal has been established, the President of the Special Tribunal shall notify the Parties to the Agreement that the Special Tribunal has been constituted in accordance with this Statute. As from this moment, the Special Tribunal shall commence exercising its jurisdiction.
- (3) The Special Tribunal shall undertake decisions aimed at ensuring its operations and proceedings achieve efficiency and cost-effectiveness. This includes the following:
 - (a) the Special Tribunal shall make all arrangements for mutual legal assistance and co-operation as may be necessary for the effective and efficient performance of the functions of the Special Tribunal regarding the reception and use of results of investigations carried out by the judicial authorities of other States into the crimes which are the subject matter of this Statute; and
 - (b) the Office of the Prosecutor and Registry shall make appropriate arrangements to ensure that there is a co-ordinated transition from investigations and evidence gathering by regional and international mechanisms.

*Artikkel 53***Effektivitet og kostnadseffektivitet**

- 1) Opprettinga av spesialtribunalet skal skje i ulike fasar. Dette omfattar følgande:
 - a) I den første fasen skal spesialtribunalet opprettast utan å utøva jurisdiksjon. I denne fasen
 - i) skal det sentrale administrasjons- og støttepersonalet i spesialtribunalet, som justissekretæren og det nødvendige kjernepersonalet, gå i gang med oppgåvene sine, alt etter kva som er aktuelt,
 - ii) skal det oppnemnast dommarar til lista for å velje presidenten for spesialtribunalet og vedta prosessreglane.
 - b) I den andre fasen skal spesialtribunalet, etter at vertsstatsavtala trer i kraft, halde fram med å opprette den fullstendige rettslege strukturen. Dommarane, hovudanklagar og visehovudanklagarane vil tiltre embetet på ein dato som blir fastsett i samsvar med desse vedtektene og prosessreglane. Fram til denne datoen er fastsett, kan dommarane kallast saman på ad hoc-basis for å ta opp organisatoriske spørsmål og ved behov utføre oppgåvene sine.
- 2) Når den fullstendige rettslege strukturen til spesialtribunalet er fastsett, skal presidenten for spesialtribunalet underrette avtalepartane om at spesialtribunalet er konstituert i samsvar med desse vedtektene. Frå og med då skal spesialtribunalet begynne å utøve jurisdiksjonen sin.
- 3) Spesialtribunalet skal ta avgjerder med sikte på å sikre at drifta og rettsforhandlingane går føre seg på ein effektiv og kostnadseffektiv måte. Dette omfattar følgande:
 - a) Spesialtribunalet skal gjere alle tiltak for gjensidig rettsleg assistanse og samarbeid som kan vere nødvendige for ei verknadsfull og effektiv gjennomføring av oppgåvene til spesialtribunalet når det gjeld mottak og bruk av resultat frå etterforskingar som rettsstyresmaktene i andre statar utfører av brotsverka som er føremål for desse vedtektene, og
 - b) påtalemakta og sekretariatet skal gjere føremålstenlege tiltak for å sikre at det skjer ein samordna overgang frå etterforsking og bevisinnhenting av regionale og internasjonale ordningar.

*Article 54***Dissolution of the Special Tribunal upon fulfilment of its mandate and establishment of a residual mechanism**

- (1) When the President of the Special Tribunal confirms that:
- (a) all investigations, pre-trial proceedings, trials and appeals commenced before the Special Tribunal have been completed and all possible appeal rights in such proceedings have lapsed, excluding any proceedings suspended in accordance with Article 23, paragraph 5, of this Statute; and
 - (b) in circumstances where a fugitive remains at large, the Prosecutor and the Registrar have taken all reasonable steps to ascertain the fugitive's whereabouts and secure his or her arrest and the proceedings foreseen by Article 28, paragraphs 1 and 2, of this Statute are finished;
- the President of the Special Tribunal shall inform the Management Committee of the fulfilment of the mandate of the Special Tribunal, upon which the Management Committee may recommend to the Parties, in accordance with Article 13, paragraph 3, of the Enlarged Partial Agreement, to dissolve the Special Tribunal and to establish a residual mechanism.
- (2) Within a reasonable period of time after the recommendation referred to in paragraph 1 of this article and taking into account the transition plan adopted by the Management Committee in accordance with Article 13, paragraph 4, of the Enlarged Partial Agreement, the Parties shall establish a residual mechanism vested with the necessary personnel and financial resources to carry out any remaining prosecutorial functions, remaining judicial functions, including retrials in accordance with Article 28, paragraph 3, of this Statute, as well as to deal with any matters pertaining to:
- (a) the protection of witnesses;
 - (b) the supervision of the enforcement of sentences; and
 - (c) the processing of requests for early, interim and final release.
- (3) The decision by the Parties to dissolve the Special Tribunal shall be effective one hundred and eighty days after the commencement of the functions of the residual mechanism. During this transition period, the Special Tribunal shall co-operate with the Parties to the Agreement and the Management Committee

*Artikkel 54***Opplysning av spesialtribunalet etter at mandatet er fullført, og oppretting av ei restmekanisme**

- 1) Når presidenten for spesialtribunalet stadfestar at
- a) alle etterforskingar, forundersøkingar, rettargangar og ankar som er innleia for spesialtribunalet, er fullførte, og alle moglege rettar til anke i slike rettsforhandlingar er opphøyrd, med unntak av rettsforhandlingar som er utsette i samsvar med artikkel 23 nr. 5 i desse vedtektene, og
 - b) i tilfelle der ein ettersøkt framleis er på fri fot, hovudanklagar og justissekretæren har gjort alle rimelege tiltak for å finne ut kvar den ettersøkte oppheld seg og sikre at han eller ho blir arrestert, og at rettsforhandlingane som er fastsette i artikkel 28 nr. 1 og 2 i desse vedtektene, blir avslutta,
- skal presidenten for spesialtribunalet informere styringskomiteen om at mandatet til spesialtribunalet er oppfylt, og deretter kan styringskomiteen tilrå partane, i samsvar med artikkel 13 nr. 3 i den utvida delavtalen, å oppløse spesialtribunalet og opprette ei restmekanisme.
- 2) Innanfor ein rimeleg frist etter tilrådinga som er nemnd i nr. 1 i denne artikkelen, og samtidig som det blir tatt omsyn til overgangsplanen som er vedtatt av styringskomiteen i samsvar med artikkel 13 nr. 4 i den utvida delavtalen, skal partane opprette ei restordning som er utstyrt med det personalet og dei finansielle ressursane som er nødvendige for å gjennomføre eventuelle gjenstående påtalefunksjonar, gjenstående rettslege funksjonar, inkludert fornya rettargangar i samsvar med artikkel 28 nr. 3 i desse vedtektene, og å behandle eventuelle saker som gjeld
- a) vern av vitne,
 - b) tilsyn med fullbyrding av dommar, og
 - c) behandling av oppmodingar om tidleg, mellombels og endeleg lauslating.
- 3) Vedtaket til partane om å oppløse spesialtribunalet skal tre i kraft 180 (eitt hundre og åtti) dagar etter at funksjonane i restmekanismen blir iverksette. I denne overgangsperioden skal spesialtribunalet samarbeide med avtalepartane og styringskomiteen for å sikre ei ryddig avvikling av drifta og likvida-

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

to ensure an orderly winding-down of operations and liquidation of obligations under all related agreements.

sjon av pliktene som følger av alle relaterte avtaler.

Vedlegg 3

**Consequences of the
aggression of the Russian
Federation against
Ukraine - Draft Resolution
CM/Res(2026)...
establishing the Enlarged
Partial Agreement on the
Management Committee
of the Special Tribunal for
the Crime of Aggression
against Ukraine**

The representatives in the Committee of Ministers of ..., as well as the representatives of ...,

Having regard to the Statute of the Council of Europe (ETS No. 1), which in its preamble emphasises that the pursuit of peace based upon justice and international co-operation is vital for the preservation of human society and civilisation;

Recalling the obligations of all States under Article 2 of the Charter of the United Nations, including the obligations to refrain, in their international relations, from the threat or use of force against the territorial integrity or political independence of any State, or in any other manner inconsistent with the purposes of the United Nations, and to settle their international disputes by peaceful means;

Reiterating their unwavering commitment to the independence, sovereignty and territorial integrity of Ukraine within its internationally recognised borders;

Recalling that the United Nations General Assembly, in its Resolution A/RES/68/262 of 27 March 2014, called upon all States to desist and refrain from actions aimed at the partial or total disruption of the national unity and territorial integrity of Ukraine, including any attempts to modify Ukraine's borders through the threat or use of force or other unlawful means;

Recalling that the United Nations General Assembly, in its Resolution A/RES/71/205 of 19 December 2016, reaffirmed the responsibility of

**Konsekvensar av Den
russiske føderasjonens
aggresjon mot Ukraina –
Utkast til resolusjon
CM/Res(2026)...
om oppretting av den
utvida delavtalen om
styringskomiteen for
spesialtribunalet for
aggresjonsbrottsverket
mot Ukraina**

Representantane i Ministerkomiteen i ..., og representantane i ...,

som viser til vedtektene for Europarådet (ETS nr. 1), som i fortalen legg vekt på at arbeidet for fred med basis i rettferd og internasjonalt samarbeid er avgjerande for å bevare det menneskelege samfunnet og sivilisasjonen,

som minner om pliktene som alle statar har i medhald av artikkel 2 i FN-pakta, inkludert plikta til i sine internasjonale forhold å avstå frå truslar om eller bruk av væpna makt mot den territoriale integriteten eller det politiske sjølvstendet til alle statar eller på nokon annan måte som ikkje er i samsvar med formåla til Dei sameinte nasjonane, og til å avgjere internasjonale tvistar med fredelige middel,

som gjentar den urokkelege forpliktinga si til Ukrainas sjølvstende, suverenitet og territoriale integritet innanfor landets sannkjende grenser,

som minner om at generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane i sin resolusjon A/RES/68/262 av 27. mars 2014 oppmodar alle statar om å stanse og avstå frå handlingar som tar sikte på delvis eller total undergraving av Ukrainas nasjonale einskap og territoriale integritet, inkludert forsøk på å endre Ukrainas grenser med truslar om eller bruk av makt eller andre ulovlege middel,

som minner om at generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane i sin resolusjon A/RES/71/205 av 19. desember 2016 på nytt stadfesta det ansvaret

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

all States to refrain from the threat or use of force against the territorial integrity or political independence of any State and from acting in any other manner inconsistent with the purposes of the United Nations and urged the Russian Federation to immediately release Ukrainian citizens who were unlawfully detained and judged without regard for elementary standards of justice;

Recalling that the United Nations General Assembly, in its Resolution A/RES/73/194 of 17 December 2018, condemned the temporary occupation of the Autonomous Republic of Crimea and the city of Sevastopol, and recalled that this temporary occupation and the threat or use of force against the territorial integrity or political independence of Ukraine by the Russian Federation are in contravention of commitments made to respect the independence and sovereignty and the existing borders of Ukraine;

Recalling that the United Nations General Assembly, in its Resolution A/RES/76/70 of 9 December 2021, urged the Russian Federation to completely and unconditionally withdraw its military forces from Crimea and end its temporary occupation of the territory of Ukraine without delay and further stressed that the presence of Russian troops in Crimea is contrary to the national sovereignty, political independence and territorial integrity of Ukraine and undermines the security and stability of neighbouring countries and the European region;

Recalling that the United Nations General Assembly, in its Resolution A/RES/ES-11/1 of 2 March 2022, recognising that the military operations of the Russian Federation inside the sovereign territory of Ukraine were on a scale that the international community had not seen in Europe in decades, deplored in the strongest terms the aggression by the Russian Federation against Ukraine in violation of Article 2, paragraph 4, of the Charter of the United Nations, demanded that the Russian Federation immediately cease its use of force against Ukraine and deplored the involvement of Belarus in this unlawful use of force against Ukraine;

Recalling that the United Nations General Assembly, in its Resolution A/RES/ES-11/6 of 23 February 2023, emphasised the need to ensure accountability for the most serious crimes under international law committed on the territory of Ukraine through appropriate, fair and independent investigations and prosecutions at the national or international level, and ensure justice for all victims and the prevention of future crimes;

alle statar har til å avstå frå truslar om eller bruk av makt mot den territoriale integriteten eller det politiske sjølvstendet til alle statar, og frå å handle på nokon annan måte som ikkje er i samsvar med måla til Dei sameinte nasjonane, og som sterkt oppmoda Den russiske føderasjonen om straks å lauslate ukrainske statsborgarar som hadde blitt urettmessig internert og dømde utan omsyn til dei grunnleggande rettferdsstandardane,

som minner om at generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane i sin resolusjon A/RES/73/194 av 17. desember 2018 fordømde den mellombelse okkupasjonen av Den autonome republikken Krim og byen Sevastopol, og minna om at denne mellombelse okkupasjonen og trusselen om eller bruken av makt mot Ukrainas territoriale integritet eller politiske sjølvstende av Den russiske føderasjonen, er ei krenking av plikta til å respektere Ukrainas sjølvstende og suverenitet og eksisterande grenser,

som minner om at generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane i sin resolusjon A/RES/76/70 av 9. desember 2021 sterkt oppmoda Den russiske føderasjonen til fullstendig og utan vilkår å kalle tilbake dei militære styrkane sine frå Krim og avslutte den mellombelse okkupasjonen av Ukrainas territorium utan opphald, og vidare framheva at nærværet av russiske soldatar på Krim er i strid med Ukrainas nasjonale suverenitet, politiske sjølvstende og territoriale integritet, og undergrev tryggleiken og stabiliteten til nabolanda og den europeiske regionen,

som minner om at generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane i sin resolusjon A/RES/ES-11/1 av 2. mars 2022, som sannkjenner at dei militære operasjonane til Den russiske føderasjonen på Ukrainas suverene territorium var i ein skala som det internasjonale samfunnet ikkje hadde sett i Europa på fleire tiår, i dei sterkaste ordelag fordømde aggresjonen til Den russiske føderasjonen mot Ukraina i strid med artikkel 2 nr. 4 i FN-pakta, kravde at Den russiske føderasjonen straks skulle slutte å bruke makt mot Ukraina og fordømde at Belarus hadde tatt del i den ulovlege maktbruken mot Ukraina,

som minner om at generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane i sin resolusjon A/RES/ES-11/6 av 23. februar 2023 framheva behovet for å sikre straffansvar for dei mest alvorlege brotsverka under folkeretten som er gjort på Ukrainas territorium, gjennom føremålstenleg, rimeleg og uavhengig etterforsking og straffefølgjing på nasjonalt eller internasjonalt nivå, og sikre rettferd for alle offer og forebygging av framtidige brotsverk,

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

Recalling that the United Nations General Assembly, in its Resolution A/RES/79/184 of 17 December 2024, condemned the war of aggression against Ukraine by the Russian Federation in violation of Article 2, paragraph 4, of the Charter of the United Nations, and the use of Crimea for this and to support the attempted illegal annexation of the Kherson, Zaporizhzhia, Donetsk and Luhansk oblasts;

Recalling that, on 15 March 2022, the Parliamentary Assembly of the Council of Europe through Opinion 300 (2022) condemned the Russian Federation's aggression against Ukraine in the strongest terms, noting that the escalation of military activities as of 24 February 2022 represented a continuation of the war of aggression by the Russian Federation against Ukraine since 20 February 2014;

Recalling that, on 16 March 2022, the Committee of Ministers decided to exclude the Russian Federation from the Council of Europe as a result of its aggression against Ukraine, such aggression constituting a serious violation by the Russian Federation of its obligations under Article 3 of the Statute of the Council of Europe and under international law;

Convinced of the exigent necessity to ensure comprehensive accountability in the context of the Russian Federation's aggression against Ukraine and acknowledging the role played by the Council of Europe in providing a robust response to this aggression, as recalled in the Reykjavik Declaration adopted at the 4th Summit of Heads of State and Government of the Council of Europe on 16 and 17 May 2023 and its Appendix I entitled "Declaration in support of the Enlarged Partial Agreement on the Register of Damage Caused by the Aggression of the Russian Federation against Ukraine";

Recalling the Charter of the International Military Tribunal of 8 August 1945, whose Article 6.a established individual criminal responsibility for crimes against peace;

Recalling the Rome Statute of the International Criminal Court and recognising the jurisdiction of the International Criminal Court with respect to the situation in Ukraine, but also recognising that, notwithstanding Ukraine ratifying on 25 October 2024 and becoming a State Party to the Rome Statute on 1 January 2025, the jurisdictional regime for the crime of aggression in the Rome Statute prevents the International Criminal Court from

som minner om at generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane i sin resolusjon A/RES/79/184 av 17. desember 2024 fordømde Den russiske føderasjonens aggresjonskrig mot Ukraina i strid med artikkel 2 nr. 4 i FN-pakta, og bruken av Krim til dette og til å støtte forsøket på ulovleg annektering av fylka Kherson, Zaporizjzja, Donetsk og Luhansk,

som minner om at parlamentarikarforsamlinga i Europarådet den 15. mars 2022 gjennom fråsegn 300 (2022) fordømde Den russiske føderasjonens aggresjon mot Ukraina i dei sterkaste ordelag og slo fast at opptrappinga av militære aktivitetar frå og med 24. februar 2022 utgjorde eit framhald av aggresjonskrigen til Den russiske føderasjonen mot Ukraina sidan 20. februar 2014,

som minner om at Ministerkomiteen den 16. mars 2022 vedtok å ekskludere Den russiske føderasjonen frå Europarådet som følge av aggresjonen mot Ukraina, idet denne aggresjonen utgjør eit alvorleg brot av Den russiske føderasjonen på pliktene i medhald av artikkel 3 i vedtektene for Europarådet og i medhald av folkeretten,

som er overtydde om at det er tvingande nødvendig å sikre omfattande straffansvar i samband med Den russiske føderasjonens aggresjon mot Ukraina, og som sannkjenner den rolla Europarådet spelar i å gi ein robust respons på denne aggresjonen, slik det blir minna om i Reykjavik-fråsegna som blei vedtatt på Europarådets fjerde toppmøte for statsoverhovud og regjeringssjefar den 16.–17. mai 2023, og vedlegg I til fråsegna med tittelen «Declaration in support of the Enlarged Partial Agreement on the Register of Damage Caused by the Aggression of the Russian Federation against Ukraine» (Fråsegn til støtte for den utvida delavtalen om registeret over skadar som Den russiske føderasjonens aggresjon mot Ukraina, har forårsaka),

som minner om vedtektene for den internasjonale militærdomstolen av 8. august 1945, der artikkel 6.a slår fast individuelt straffansvar for brotsverk mot freden,

som minner om Roma-vedtektene om Den internasjonale straffedomstolen, og som sannkjenner domsmakta til Den internasjonale straffedomstolen når det gjeld situasjonen i Ukraina, men som også sannkjenner at sjølv om Ukraina ratifiserte Roma-vedtektene den 25. oktober 2024 og blei statspart den 1. januar 2025, hindrar juridiksjonsordninga for aggresjonsbrottsverket i Roma-vedtektene Den internasjonale straffedom-

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om oppretting av ein internasjonal kravskommisjon for Ukraina og inngåing av avtale om deltaking i styringskomiteen for spesialtribunalet for Ukraina

exercising jurisdiction with respect to the crime of aggression in this particular context;

Recognising the efforts of the International Centre for the Prosecution of the Crime of Aggression against Ukraine (ICPA) in co-ordinating and strengthening national investigations into the crime of aggression against Ukraine, in order to ensure appropriate investigation into the crime of aggression;

Recalling that the United Nations General Assembly, in its Resolution A/RES/79/284 of 16 April 2025, acknowledged the contribution of the Council of Europe to the work of the core group towards the establishment of a special tribunal for the crime of aggression against Ukraine, and its willingness to examine possible options to provide expert and technical support for the establishment and, as appropriate, operation of such a special tribunal;

Having regard to Statutory Resolution Res(93)28 of the Committee of Ministers on partial and enlarged agreements;

Having regard to Resolution Res(96)36 of the Committee of Ministers establishing the criteria for partial and enlarged agreements of the Council of Europe, as amended by Resolution CM/Res(2010)2;

Conscious of the need to provide a forum in which non-members of the Council of Europe may also participate in Council of Europe initiatives to fight impunity for international crimes;

